



FYLKESMANNEN  
I SOGN OG FJORDANE

# Dyrdal i Nærøyfjorden

## Plan for skjøtsel og tilrettelegging

Godkjend av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Nærøyfjorden verneområdestyre



Rapport nr. 3-2014



## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for oppgåver knytt til helse- og sosialområdet, kommunal forvaltning, samfunnstryggleik, miljøvern, barn og familie, landbruk, utdanning og barnehage. Vi er om lag 120 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger  
Telefon 57 64 30 00 – Telefaks 57 65 33 02  
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Fjellvegen 11, Førde  
Telefon: 57 64 30 00 – Telefaks 57 82 17 77  
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: [fmsfpost@fylkesmannen.no](mailto:fmsfpost@fylkesmannen.no) Internett: <http://www.fmsf.no>

*Framsidedfoto: Frå Dyrdal. Alle foto: Siri Wølneberg Bøthun*

*Baksidedfoto: Frå Arnehus. Foto: Tom Dybwad*

*Alle foto i rapporten ved Siri Wølneberg Bøthun med unntak der dette er nemnt*

Rapport nr. 3 – 2014  
ISBN 978-82-92777-44-2  
ISSN 0803 1886

<i>Tittel:</i> Dyrdal i Nærøyfjorden, plan for skjøtsel og tilrettelegging		<i>Rapportnr:</i> 3 - 2014
<i>Forfatter:</i> Siri Wølneberg Bøthun, Aurland Naturverkstad		<i>Dato:</i> 08.11.2013 og juli 2014
<i>Referanse:</i> Bøthun, S. W. 2013. Dyrdal i Nærøyfjorden, Framlegg til plan for landskapsskjøtsel og tilrettelegging. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Rapport nr. 3 - 2014		
<i>Oppdragsgjevar:</i> Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	<i>Kontaktperson oppdragsgjevar:</i> Tom Dybwad	
<i>Referat:</i> Dyrdal er ei landbruksgrend der gardane ikkje er i aktiv drift. Det vert arbeidd aktivt for å halde landskapet ope, både ved rydding, slått og beitepussing og ved beiting av sauer som vert frakta inn kvar sommar. Denne skjøtelsplanen freistar å setje ei overordna ramme på skjøtelsarbeidet, og fremjar tiltak som kan auke heilskapen. Rapporten oppsummerer kulturlandskapsverdiar i Dyrdal i form av verdiar for landskapsoppleving, kulturmiljø og biologisk mangfald. Grenda og dalen vert i rapporten sett på som eit heilskapleg kulturmiljø. Det vert gjeve tilrådingar til skjøtselstiltak for restaurering og vedlikehald av kulturlandskapet og for enkel tilrettelegging for friluftsliv.		
<i>Forsideillustrasjon:</i> Hovudbilete: Dyrdal sett frå fjorden. Småbilete: ulike motiv frå kulturlandskapet i Dyrdal. Alle foto: Siri Wølneberg Bøthun.	<i>Emneord:</i> Kulturlandskap Landskapsoppleving Biologisk mangfald Agrare kulturminne Heilskapleg kulturmiljø	
<i>Framlegg til skjøtelsplan produsert av:</i> Aurland Naturverkstad AS Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57633629, Fax: 57633516 e - post: post@naturverkstad.no		
<i>Godkjend skjøtelsplan med tilføyningar etter høyring ved:</i> Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ seniorrådgjevar Tom Dybwad		



## Forord

Denne rapporten er ein plan for kulturlandskapskjøtsel i Dyrdal i Nærøyfjorden. Området er eit særleg verdfullt kulturlandskap som ligg i verdsarvområdet i Nærøyfjorden. Øvre delar av området som er med i skjøtelsplanen, er også med i Nærøyfjorden landskapsvernområde, der Nærøyfjorden verneområdestyre er forvaltningsstyresmakt.

Aurland Naturverkstad har hatt i oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane å utgreie verdiane og sameine dei ulike interessene knytt til Dyrdal i ein skjøtelsplan.

Skjøtelsplanen er utarbeidd av Siri W. Bøthun ved Aurland Naturverkstad. Planen er utarbeidd i dialog med oppdragsgjevar, Statens naturoppsyn og grunneigarane. Grunneigarar har vore med på synfaring og/eller arbeidsmøte og har kome med verdfull faktainformasjon og gode innspel. Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore informert undervegs i arbeidet med planen og vore med på møte. Aurland kommune har også gjeve viktige bidrag.

Skjøtelsplanen vart sendt på høyring 22.01.2014 med høyringsfrist 1. mai 2014. Aurland kommune, Naturvernforbundet i Hordaland, kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Nærøyfjorden Verdsarvpark og Nærøyfjorden verneområdestyre kom med fråsegn til planen. Alle er positive til utarbeiding av skjøtelsplanen, og merknadene deira (så godt som alle gjeld ytterlegare kunnskap) er innarbeidde før godkjenning. I tillegg er ei omtale av Arnehus teke inn fordi vi ser at dette manglar i framlegget til plan. Oppnemning av ansvarlege for skjøtelsarbeidet, som Nærøyfjorden verneområdestyre tek opp, vil få særskilt oppfølging i samband med eventuell etablering av ei stifting.

Ansvarleg hos Fylkesmannen har vore seniorrådgjevar Tom Dybwad.

Alle foto er tekne av Siri W. Bøthun med unntak av der dette er nemnt.

Skjøtelsplanen er godkjend av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Nærøyfjorden verneområdestyre.

Aurland/Leikanger oktober 2014

Nils Erling Yndesdal (sign.)  
fylkesmiljøvernsjef

Noralv Distad (sign.)  
leiar Nærøyfjorden verneområdestyre



# Innhald

<b>Forord</b> .....	<b>5</b>
<b>Innhald</b> .....	<b>7</b>
<b>Innleiing</b> .....	<b>8</b>
1.1    Om Dyrdal.....	9
1.2    Verdiar.....	10
<b>2    Mål</b> .....	<b>16</b>
<b>3    Metode</b> .....	<b>16</b>
3.1    Kunnskapsinnsamling og arbeidsprosess .....	16
3.2    Grunnlaget for skjøtselstilrådingane .....	17
3.2.1    Diskusjon kring metodar for skjøtsel .....	17
3.3    Rammer .....	19
3.3.1    Avgrensing av planområdet.....	19
3.3.2    Inndeling i delområde; hovudeiningar for skjøtsel .....	19
<b>4    Tiltaksplan</b> .....	<b>22</b>
4.1    Ivaretaking av stiar og vegar i kulturlandskapet.....	22
4.2    Ivaretaking av kulturminne .....	23
4.3    Tilrettelegging for besøkande .....	25
4.4    Skjøtsel av Kulturlandskapet .....	29
4.4.1    Delområde 1 Dyrdal nedre .....	38
4.4.2    Delområde 2 Dyrdal øvre.....	42
4.4.3    Slåtte- og beitemarkene mellom veggen og elva med Garborg og Svilli .....	45
4.4.4    Drægali .....	48
4.4.5    Drægo .....	51
4.4.6    Skogane med stølsvegar/stiar hit .....	55
4.4.7    Jeiskali med vegar .....	57
4.4.8    Løhaug med veggen hit .....	59
4.4.9    Hjølmo .....	59
4.4.10    Vassete .....	62
4.4.11    Salthella .....	62
4.4.12    Anna kulturmark: Hagemark og utslåtter .....	63
4.5    Prioriteringar .....	65
<b>5    Framlegg til organisering av arbeidet</b> .....	<b>68</b>
<b>6    Vedlegg</b> .....	<b>72</b>
6.1    Definisjonar .....	72
6.2    Oversikt over gards- og bruksnummer .....	72

## Innleiing

Dyrdal er lokalisert sentralt i Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Med velhaldne bygningar, eit godt bevart klyngetun, godt bevarte stølsmiljø og eit rikt innhald av kulturminne i eit variert og framleis ope kulturlandskap står dalen fram som eit svært viktig, heilskapleg kulturmiljø. Turen forbi, og ikkje minst eit besøk med fottur, byr på flotte landskapsopplevingar.

Nærøyfjorden er utpeikt som eit særleg verneverdig, heilskapleg kulturlandskap på nasjonalt nivå (Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap 1994, og [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)). Avgrensinga av dette området følger fjordsidene, og svingar seg opp Dyrdal. Forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet (2008) held fram bygningsmiljøet i Dyrdal som eit av fleire bygningsmiljø av særskild verdi knytt opp til fjord og dalføre.

Ingen av gardane er i aktiv drift. Eldsjeler har gjennom mange år freista å halde attgroinga av kulturlandskapet i sjakk. Etter at området vart verna, og særleg etter at Nærøyfjordområdet fekk verdsarvstatus, har det og vore eit godt engasjement frå Statens naturoppsyn (SNO) og verneområdeforvaltinga med bidrag til tiltak som tek vare på friluftslivs- kulturminne- og landskapsverdiar.

Innmarker vert slått og/eller ein slår graset med beitepussar. Teigar som veks til er rydda for lauvskog, beitedyr utanfrå er sett inn i fleire område som er for tungvinte eller arbeidskrevjande å slå. Arbeidsomfanget ved å halde landskapet ope er stort. Det er trong for hjelp utanfrå for å klare å halde fram, og for å skjytte større delar av området. Det er naudsynt med både praktisk hjelp til å nå over eit stort arbeidsomfang og med økonomisk hjelp for å finansierer kostnadskrevjande tiltak og -arbeid. Det er ein stor trong for å einsrette tiltaka, og for å fange opp verdifulle areal som i dag ikkje vert stelte og utføre skjøtsel også her. På initiativ frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vart det sett i gong arbeid med ein overordna skjøtselplan for Dyrdal på seinsommaren 2011.

Skjøtselsplanen for Dyrdal femnar om ei heil bygd og med det eit heilskapleg kulturlandskap der ein finn att strukturar frå den totale ressursutnytting ein har hatt i det tradisjonelle landbruket på Vestlandet. Planen omfattar heile dette produksjonssystemet, frå gardstun med kringliggande fulldyrka innmark, via utslåtter og heimestølar til fjellstøl og utmarksbeite. Fjellstølen Vassete, der selbøen ligg mellom 675 og 685 moh er det høgastliggande kulturmiljøet som er inkludert i planen. Grenda har hatt i alt 8 aktive bruk. Siste gardsbruk i drift var høgdegarden Drægo, der dei hadde sau fram til 2000.


Planen har hovudfokus på ivaretaking av kulturlandskapet gjennom skjøtsel av vegetasjon ved rydding, slått og beiting. Landskapsoppleving, kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø, og verdi som rekreasjons- og friluftsområde er tema som er tett vevde saman. Enkle tiltak for tilrettelegging for friluftsliv er inkluderte i planen. Dei viktigaste elementa i høve oppleving, så som turstiar og gamle vegar eller kulturmiljø der kulturlandskapet utgjer ein viktig del av miljøet er trekte inn i planen, men ein går ikkje i djupna i høve konkrete bevarings- eller restaureringstiltak for desse. Når det gjeld bevaring av bygningar konkret vert det synt til nyleg utarbeidd restaureringsplan for Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden (Sandvik og Mørk 2013).

**Tiltaka i rapporten er tilrådingar. Alle skjøtselstiltak må ha samtykke frå den einskilde grunneigar.**



## 1.1 Om Dyrdal

Dyrdal er ei lita grend på nordsida av Nærøyfjorden i Aurland kommune, Sogn og Fjordane fylke. Etter gradvis nedgang i folketal vart bygda heilt utan folk frå 2003. Sidan 2011 har ein igjen hatt bufaste i bygda, ein person har no bustadadresse Dyrdal. I sommarhalvåret vert det liv i grenda med sommargjester med sterk tilknytning til staden og landskapet. Dette gjer at ein god del av bygningane, ikkje minst bustadhusa, er godt vedlikehaldne. Men ein har og forfall på ein del bygningar, og særleg då på uthus. Dyrdal ligg dels inne i, og er elles omslutta av Nærøyfjorden landskapsvernområde (verna i Kgl. res. 08.11.2002) på alle kantar. Gardstun og dyrkamark ligg utanfor verneområdet. Nærøyfjorden landskapsvernområdet er ein del av sørområdet i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap (innskrive på UNESCO si verdsarvliste 14.07.2005). Sjølv om sjølve grenda ikkje er verna som landskapsvernområde, er ho ein del av verdsarvområdet.



Figur 1 Dyrdal ligg midt i Nærøyfjordområdet, søre del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap

I tidlegare tider var jordbruket i større grad enn no eit intensivt jordbruk der alle ressursar vart tekne i bruk, slik som utslåttar, skog og fjellbeite. Jakt og fiske var dessutan ein viktig del av næringsgrunnlaget. For å forstå kulturhistoria i området er det viktig å ta vare på element som kan syne og vitne om alle desse funksjonsområda. Fram til utskiftinga rundt 1900 var det karakteristisk for Vestlandet tun med mange brukarar – som klyngetun eller rekkjetun. Det var eitt hus til kvar sitt bruk på kvar gard, så det vart mange hus i tuna. Opphavleg var det berre eit eller to bruk som etter kvart vart oppdelt i mindre einingar. Det gjaldt å spare dyrkingsjorda. Ofte låg tuna der jordsmonnet var skrint, og det dessutan var god byggjegrund. Det var difor naturleg å byggje i nærleiken av dei andre husa. I Nærøyfjorden Verdsarvområde finn ein dei mest karakteristiske tuna i Dyrdal og i Undredal før utskiftinga. Frå restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden

Dyrdal har ei lang kulturhistorie. Fangstanlegg for villrein på fjellryggene ovanfor dalen og funn av ei øks frå yngre steinalder i dalen gjev historisk perspektiv til livet kring Nærøyfjorden. Garden Dyrdal vart tidleg rydda (Ohnstad 2006). Drægo og Dyrdal har gravfunn frå eldre jernalder (Ohnstad 2006, Arkeoland). Bygda og dalen er rik på nyare tids kulturminne, dei langt fleste knytt til landbruk, men og kulturminne som syner overgangen frå eit reint landbrukssamfunn mot 1900-talet eitt teknologisamfunn (Hardarson 2006). Kring 1900 budde det om lag 100 menneske i Dyrdal, men frå 1960-talet vart det eine gardsbruket etter det andre lagt ned. I dag bur ein person i Dyrdal heile året. Mange av grunneigarane er i Dyrdal gjennom heile året og bur der då i kortare eller lengre tid. Dyrdal har vore ei stor jordbruksbygd. I 1865 var det eitt gardsbruk i Dyrdal (og fleire husmenn), med innmark på 186 da (44 da åker og 142 da eng). Det var då 62 storfe, 117 sauer og 183 geiter i Dyrdal, og på Drægo 21 storfe, 31 sauer og 4 geiter. I dag er det 175 da fulldyrka mark, 71 da overflatedyrka og 123 da innmarksbeite i Dyrdal og på Drægo (kjelde: <http://gardskart.skogoglandskap.no/>).

Dalen og grenda Dyrdal er skildra i fleire ulike fagrapportar og bøker. Mellom desse er to studentoppgåver (Hardarson 2006 og Blikset og Grevstad 2007), fugleregistreringar (Braanaas 2012) og rapport om verneverdiar i dalen knytt til varig vern av Dyrdalselva (Roald 2001). Dyrdal er og omtalt og skildra i restaureringsplan for Vestnorsk Fjordlandskap (Sandvik og Mørk 2013), i bygdeboka for Aurland (Ohnstad 2006), og i forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2008).

## 1.2 Verdier

Dyrdal med kai og naustmiljø, bygningar og innmark er eit viktig landskapselement i Nærøyfjorden. Grenda, og ulike verdier ein finn her, er omtalt fleire plassar i forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet. Bevaring av kulturlandskapet i Dyrdal er vesentleg for opplevinga av landskapet i verdsarvområdet. Innslaget av kulturlandskap i det dramatiske fjordlandskapet er ein av dei verdiane som særpregar området og som skil Vestnorsk fjordlandskap frå andre område i verda med naturskjønne fjordar. Kulturlandskapet aukar det biologiske mangfaldet i dalen og inneheld viktige kulturhistoriske dokument i form av bakkemurar, vegar, utløer og andre kulturlandskapselement. Det står gamal furuskog fleire stader i Dyrdal, m.a. over Jeiskali.

### Heilskapelege kulturmiljø

Forutan heilskapen i grenda finn ein fleire viktige kulturmiljø innanfor planområdet. Det er i dag ingen registrert arkeologiske kulturminne her. Ut frå den lange busettinga i Dyrdal er det likevel høgst truleg at det er mange automatisk freda kulturminne her. Dette må det takast høgde for t.d. ved uttak av stein og grus, plan for slike tiltak skal sendast fylkeskommunen på førehand.

I strandsona har ein eit miljø med kai og naust, og med strandeng som vegetasjonstype. Skulehuset og tunet til eit av bruka ligg og som ein del av dette bygningstiljøet.

Klyngetunet/rekketunet er det mest kjende kulturmiljøet i Dyrdal, og det representerer ein kulturverdi i seg sjølv samstundes som det tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon. Også dei andre tuna er viktige for å forstå bu- og levemåten i området. Dei syner ein annan tunstruktur; t.d. er både Drægali og Drægo tidstypiske tun med høg autensitet.

Klyngetunet i Dyrdal er avsett til spesialområde med føremål bygningsvern i reguleringsplan for Dyrdal. Det er og halde fram som eit kulturhistorisk viktig bygningsmiljø i forvaltningsplanen. I restaureringsplan for bygningsmiljø i Nærøyfjordområdet (Sandvik og Mørk 2013) er tunet omtalt slik:

*«I Dyrdal er klyngetunet framleis intakt. Tunet ligg langs fremre kanten av eit platå 40 – 50 m over fjorden. Her ligg husa fritt og fint med god utsikt over Nærøyfjorden og i god avstand til dei*

*rasutsette liene bakom jordene. I 1820 var det brann i tunet i Dyrdal. Alle husa i tunet brann ned med unntak av eit stabbur i Framigarden. Stabburet på bnr. 3 er såleis einaste bygningen i tunet frå før 1820. Tunet fekk si noverande form ved bruksdelinga i 1890-åra. Tunet i Dyrdal er nærmast eit rekketun, der våningshus, stabbur og eldhus ligg langs bygdevegen og låvebygningane ligg på rekke bakanfor mot den dyrka jorda og som vern mot eventuelle steinsprang frå lia ovanfor.»*

Dyrkamarka mellom tunet og den bratte fjellsida bakom, samt framhaldet av innmarksteigar vidare aust- og nordover er viktige å bevare for at tunet skal stå fram i sine rette rammer. Innsynet til tunet frå fjorden er i dag delvis skjult av skog som veks i terrasseskråninga nedanfor tunet.



*Figur 2 Dyrdal frå fjorden. I biletet ser ein klyngetunet oppe på terrassen, eit av tuna nede langs fjorden og ferjekaia og fleire av nausta.*

Gardane Drægali og Drægo er i seg sjølve heilskaplege kulturmiljø med tun og kringliggande innmark samt utmarksbeiter og styvingstre i skogen omkring. I forvaltningsplanen sitt kapittel om kulturminne og kulturmiljø i dei ikkje-freda delane av Verdsarvområdet er bygningsmiljøet både i klyngetunet, ved fjorden og på Drægo halde fram som viktige. På Drægo ser ein stølen Løhaug, noko som gjer samanhengane mellom gard og heimstøl enkel å formidle.

Restaureringsplanen for kulturminne held og fram stølane Vassete og Hjølmo som verdifulle stølsmiljø. Fjellstølen Vassete, der selbøen ligg mellom 675 og 685 moh er det høgastliggande kulturmiljøet som er inkludert i skjøtselsplanen. Denne er halde fram av Sandvik og Mørk som den best bevarte stølen i Verdsarvområdet. Stølen Hjølmo, som ligg på kring 500 moh er og godt teke vare på. For denne stølen er det utarbeidd ein eigen skjøtselsplan (Bøthun 2006). Nokre av tiltaka i planen sette i verk. M.a. er det gjennomført beite med småfe ein kortare periode, og det er rydda mykje einer slik at selbøen er gjort opnare.

Gamle vegar syner historiske ferdselsruter samstundes som dei er verdifulle kulturminne i dag, og også fine turvegar. Særleg viktig mellom desse er den best bevarte delen av «Gamlevegen» (opphavleg vegtrase frå Arnehus til Drægali med sideveg inn frå klyngetunet), som går store delar på nordaustsida av elva, mellom Svilli og Garborg med samanbiting med bru til vegen over Leiteshagen fram til klyngetunet (også ein del av Gamlevegen). Vegen er inkludert i skjøtselsplanen for Hjørmo. Tiltak langs vegen er gjennomført, m.a. av elevar ved Sogn Jord- og Hagebruksskule. Framhald av arbeidet og jamnleg rydding er naudsynt. Forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet held fram gamlevegen heilt frå Arnehus til Drægo som ein viktig ferdselsveg. Mange av dei gamle vegfara i Dyrdal kan ha svært høg alder. Også dei gamle bruene er kulturminne.

Gamle steinmurar, steingardar, tufter og rydningsrøyser er viktige kulturhistoriske element i kulturlandskapet, og det bør gjennomførast skjøtsel ved desse slik at dei kjem fram i landskapet.



Figur 3 Murar i Leiteshagen; veg og steingardar.

Området kalla Leiteshagen som strekkjer seg sør/sørvest-nord/nordaust mellom klyngetunet og elva er viktig som kulturlandskap. Området er delt inn i ei rekke eigedomar, og inneheld med det mange små teigar sjølv om området står fram som ei samanhengande mark i dag. Leiteshagen har eit høgt innhald av steinstrukturar. Her er mange rydderøysar, spesielt i øvre delar av området. Mellom nokre av teigane ligg høge steingardar, og ein har og steingardar som markerar korte geiler ovanfrå og ned. Området er ikkje bratt, likevel finn ein mange, men låge bakkemurar som har sytt for flatare teigar og betre dyrkingstilhøve. I nedkant av teigen ligg og ein gamal brønn. På langs, gjennom området går ein del av Gamlevegen. Den har her godt bevarte murar. Vegen førar til ei bru over elva mot Garborg, kor ein har samankopling til traseen Arnehus-Drægali. Vegen er ei markant rørsleline, og den skapar eit veldefinert skilje mellom teigane på oversida og på undersida.

I Arnehus vart det starta gjestgjevveri på starten av 1700-talet. Grunnen var at ferdsla gjekk på fjorden, m.a. gjekk postruta ut Nærøyfjorden frå Gudvangen til Lærdal like framom Arnehus. Utover 1800-talet stilna trafikken, og nye tider og nye trafikkmønster gjorde at gjestgjevveriet på Arnehus vart lagt ned. Nokre av dei gamle gjestgjevvarhusa frå Arnehus vart flytta inn til Gudvangen og nytta til losji og handel der, no som anneks til Gudvangen fjordhotell. I det same tidsrommet (1737 – langt ut på 1800- tallet) var Arnehus og tingsete for Nærøy og Oppheim. Under den siste storflaumen i november 1938 tok Dyrdalselvi nytt løp, og det meste av innmarka i Arnehus vart rasert. I dag er det noko slåttemark, steinmurar, hustomter og tomte etter ei oppgangssag i Arnehus. I tillegg står ei eldre stove som er flytta dit og eit nyare naust/høyløe. Gamlevegen til Drægo startar i Arnehus.



*Figur 4 Frå Fremstali. Vegetasjonen vert halden nede av beite. Løene i bilete står framleis oppe, men forfallet er tydeleg og restaurering er naudsynt. Ei tredje løe står dels skjult bak lauvtre i bakkant av biletet.*

Også ein del av slåttemarkene som i dag er omkransa av skog, står fram som heilskaplege kulturmiljø, der bakkemurar, rydderøyser, delar av steingardar, løer og løetuffer saman fortel om teigstruktur og maksimal utnytting av areala. Mellom desse finn ein Fremstadli, med særleg mange løer som framleis står oppe. Som godt døme på ein typisk utslått kan ein nemnde Jeiskali. Her er det og vorte rydda for å få fram att det opne arealet og syne samanhengane mot løer (diverre delvis nedraste) og løetuffer. Løer er ein bygningstype som er sterkt trua med å forsvinne. Dei mange utløene fortel korleis ein tidlegare nytta ressursane i området for å overleve. Dyr dal utmerkar seg med mange løer som framleis står oppe eller delvis oppe, og det må gjerast ein innsats for å ta vare på dei for å ta vare på dei som enno står. Samanraste løer har attverande murar som og bør synleggjerast, slik at ein får eit riktig bilete på kor tett løene opphavleg har stått.



*Figur 5 Fremstadli ca. 1965. Areala var viktig slåttemark, og løene var viktige som langringshus for høyet. Biletet utlånt av Arild Dyrdal.*

Det er fleire stølsområde innanfor planområdet. Desse var viktige for drifta av gardane, og det er av stor verdi at stølsbøane vert skjøtta og bygningsmiljøet teke vare på.

### **Landskapsoppleving**

Den overordna romdanninga i dalen er sterk, med skarpe kontraster og dramatiske omgjevningar av bratte fjell. Særleg inst i dalen, ved Hjøльмо utgjer i eit mektig rom. Landskapsrommet opnar seg i retning nedover dalen, mest markert er dette i nedre delar der ein har kontakt med fjorden.

Kulturlandskapet skaper ei rekke underordna rom. Ved fleire av utslåttene dannar det seg slutta, små rom. På tur langs stiar eller vegar i dalen vil variasjonen mellom skog, små rom kring slåtteteigar og opningar mot utsiktspunkt gjere turen meir rik på oppleving.

Fleire stader er utsyn og siktelinjer viktige for å gje samanheng. Viktige plassar å halde på eller forbetre innsyn og utsikt er

- Innsikt til klyngetunet frå fjorden
- Siktelinjer mellom innmarka bak klyngetunet og innmarka nordover /nord-austover mot elva (Leiteshagen)
- Sikteline mellom Drægo og Løhaug
- Sikteline mellom Jeiskali og Drægo
- Fleire punkt med innsikt til Gamlevegen frå bilvegen
- Tradisjonelle utsiktspunkt langs stiar og vegar, særleg då «kviler»



Figur 6 Utsikt frå bøen på Drægo. Nedover dalen ser ein Jeiskali (til høyre), og innmarkene i Drægali (venstre).

### Element som aukar biologisk mangfald

Kulturlandskapet i Dyrdal er eit viktig bidrag i å halde det totale biologiske mangfaldet høgt. Dyrdal har eit særleg rikt fugleliv (Roald 2001, Braanaas 2012), med over 90 artar registrerte. Eit særtrekk ved mangfaldet ein finn i Dyrdal er det høge talet på artar av sporvefugl. Dette er ein gruppe fugl som i stor grad er tilknytt kulturlandskap. Mosaikken av opne enger, randsoner mellom innmark og utmark og naturleg skog er særleg viktig for denne gruppa.

Kulturlandskapselement som haustingsskog, hagemark og styvingstre aukar det biologiske mangfaldet. Dyrdal har mange styvingstre av høg alder. Desse trea husar ei rekke artar av både insekt, sopp og lav. Direkte inkludert i planen er styvingstrea som står i innmarka i Drægali og nokre ved Skogane. Edellauvtrea i Drægali (alm) har høgt potensiale særleg for ein rik flora av lav og vedbuande sopp.

Økolog Steinar Vatne skreiv i ein rapport om styvingstrea på Drægo og Høydøla frå 2010 følgjande: «Rundt Drægo og Drægali i Dyrdal, Nærøyfjorden finnes et stort antall gamle styvingstrær av alm, lind og bjørk, og til dels selje. Mange av disse kan sees fra veien. Almestuver er vanlig langs veien oppfor den andre brua, men disse står ofte i veldig bratt terreng. En ansamling lindestuver står på oversida av veien litt nedafor Drægali, mens den største forekomsten av bjørkestuver er langs veien rett nedafor Drægo, her også ganske bratt terreng ut mot elva. Gjengroing er et problem i hele Dyrdal. Styvingstrærne har store biologiske og kulturelleverdier, som står i fare for å gå tapt om de skygges ut av tett ungsog.»

Dyrdal har store areal med naturbeitemark. Av det som er best teke vare på fram til i dag er dei areala som no vert beita. Typisk vegetasjonstype på desse areala er sokalla «frisk fattigeng», som er

ein utbreidd engtype vanleg i både beitemarker og høvesvis fattige slåtteenger. Friskare parti kan ha innslag av høgstaudeeng, men dette gjeld her små areal. Ei utfordring med skjøtsel ved kun beite er utvikling mot sølvbunkeeng, der tuedannande sølvbunke fortrenger andre artar. Friske, dels næringsrike parti er mest utsette. Naturbeitemark er ei form for «kulturmarkseng» (engvegetasjon skapt ved at naturleg, stadeigen vegetasjon er påverka av menneske gjennom slått og/eller beite), ein vegetasjonstype som i dag vert rekna som truga. Kulturmarkseng i form av naturbeitemarker er oppført i truakategori VU (sårbar) i Norsk raudliste for naturtypar (Lindgard og Henriksen 2011). Beitemarker og gamle slåtter utanfor det fulldyrka arealet på Drægo har og restar etter kulturmarksenger. Tørrbakkane ovanfor innmarka har framleis ein urterik flora. Tidlegare beite mellom gardsvegen og «hovudvegen» (bilvegen) kan ha restaureringspotensial, då det er mindre enn eit tiår sidan det her var urterik engvegetasjon m.a. med innhald av orkideen nattfiol (eigne observasjonar).

Ein finn ikkje lengre godt vedlikehaldne, urterike slåtteenger i grenda. Slåtteeng er den typen av Kulturmarkseng som er mest truga, den er oppført i kategori sterkt truga (EN) i raudlista. Det har tidlegare vore slike enger med liten grad av oppgjødsling i Dyrdal, men attgroinga av desse areala har komen så langt at mange av urtene er fortrengde. Viktigast mellom tidlegare urterike slåtteenger er innmarkene ved Drægali. Her har det vore ein mosaikk av engtypar frå tørreng til friske høgstaudedominerte enger. Delar av desse areala har truleg restaureringspotensial. Også utslåttene ved Garborg og Høygerde, og fleire av teigane mellom Fremstadli og Leiteshagen (delområde 3 og teig 2c og d) har restaureringspotensial som slåtteenger. Teigane ved Svili består av «gamaleng», dvs. slåtteeng med eit opphav i utsådde artar (typisk i regionen for desse engene er mykje engreverumpe) men med lang kontinuitet som slåttemark slik at stadeigne urter har kome inn i engene. Også desse engene har verdi for biologisk mangfald.

## 2 Mål

Hovudføremålet med skjøtselen er

- Å ta vare på og dels restaurere landskapsverdiar i Dyrdal som ein del av kulturlandskapet som set sitt preg på Verdsarvområdet.
- Å ta vare på kulturlandskapet i Dyrdal som ei viktig referanseramme for kulturminne og kulturhistorisk viktige bygningsmiljø i grenda og dalen.
- Å stogge attgroing av innmark og dei mest sentrale stølane og slåtte- og beitemarksteigane
- Å ta vare på det biologiske mangfaldet knytt til kulturlandskapet i Dyrdal, og gjennom skjøtselstiltak bringe tilbake noko av det tapte mangfaldet.
- Å ta vare på dei beste jordbruksareala som ein viktig ressurs

## 3 Metode

### 3.1 Kunnskapsinnsamling og arbeidsprosess

Innhenting av kunnskap til planen er gjort gjennom feltarbeid, møte og samtaler med lokalkjende og ulike forvaltingsorgan, studie av økonomisk kartverk og kart over Nærøyfjorden landskapsvernområde og søk i skriftlege kjelder. Brukte skriftlege kjelder er to studentoppgåver (Hardarson 2006 og Blikset og Grevstad 2007), fugleregistreringar (Braanaas 2012), vvv-rapport om verneverdiar langs Dyrdalselva (Roald 2001), Restaureringsplan for Vestnorsk Fjordlandskap (Sandvik og Mørk 2013) og forvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap delområde Nærøyfjorden (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2008). Også kunnskap innsamla i samband med skjøtelsplan for Hjølmø og Gamlevegen som var utarbeidd av forfattern i 2006 er nytta. Det er og henta inn



informasjon frå to nyleg utarbeidde reguleringsplanar; Reguleringsplan for Dyrdal (vedteke av Aurland kommune 18.02.2010) og reguleringsplan for Landbrukskai; Reguleringsendring for Dyrdal, (planframlegg datert 26.09.2012).

Det er gjennomført to omgangar med feltarbeid; ein om våren (mai 2012) dels aleine og dels ilag med verneområdeforvaltar Anbjørg Nornes og lokal informant Arild Dyrdal, og ein ved midtsommar, (juni 2012) aleine. Nornes har og hatt ein halv dag synfaring som har gjeve innspel til planen (til Skogane). Det er ikkje gjort systematiske vegetasjonsanalysar av engene. Mange har bidrege med innspel og engasjement. Viktige munnlege kjelder har vore fastbuande Arild Dyrdal, grendelagsleiar Siv Lisbeth Tønder, SNO v. Kristoffer Ullern Hansen og tidlegare gardbrukar samt eigar av Dregali; hhv. Agnar og Per Dregeli.

Det har vore gjennomført eit oppstartsmøte inkl. felles synfaring med vitjing av sentrale element frå Drægo til fjorden (august 2011). Her deltok både grunneigarar og involverte offentlege og private organ. Det har og vore gjennomført eit midtvegsmøte med involverte partar (inkl. grunneigarar) der framlegg til tiltaksplan vart diskutert, og det har vore ei intern høyring av framlegg til tiltaksplan på grunnlag av resultatane av nemnde møte.

### **3.2 Grunnlaget for skjøtseltilrådingane**

Tilrådingane for skjøtselstiltak er freista tilpassa mest mogleg praktiske løysingar utan å gå på kostnad av biologisk mangfald. Dei er sett ut frå målsettinga om å bevare eit ope og velstelt preg på kulturlandskapet, ikkje minst som ramme kring verdifulle kulturmiljø. Skjøtselshandboka (Norderhaug 1999) og erfaringar frå arbeid med andre skjøtelsplanar i og kring Nærøyfjordområdet er nytta som ei støtte i vurderingane om tilrådingar til skjøtselstiltak. Grunnleggjande prinsipp som ligg til grunn for tilrådingane har vore:

- Tiltaka skal ivareta og/eller auke biologiske verdiar, som artsmangfaldet i enger og beitemarker og mosaikken av naturtypar
- Prioritering av teigar med høg verdi som del av kulturmiljø og med høgt innhald av agrare kulturminne
- Tiltaka skal ha positiv verknad på landskapsoppleving (opning av utsiktspunkt og siktelinjer, verknaden i underordna landskapsrom er vurdert)

#### **3.2.1 Diskusjon kring metodar for skjøtsel**

##### Slått og vekkrydding eller beitepussing?

Skjøtsel ved slått og vekkrydding av gras er meir enn dobbelt tidkrevjande i høve til beitepussing. For å kunne gjennomføre ein slik skjøtsel er det trong for meir ressursar, og dessutan ein periode med fleire personar i arbeid enn kva som er naudsynt med bruk av beitepussar som erstatning for slått. Det er ynskje frå grunneigarar og aktive skjøtelsarbeidarar å nytte beitepussar til slått på større areal for å spare arbeid. Det er og investert i ein beitepussar i Dyrdal for å nytte denne til skjøtelsarbeid. Beitepussing er ein dårleg erstatning for slått av omsyn til i ivareta engvegetasjon og med det også til biomangfald. Dette av di ein då vil halde vegetasjonen konstant i første trinn av gjengroingsuksesjonen (trinn 1), der nitrofile, grove artar vil dominere. Ein motverkar likevel oppslag av vedartar, og oppnår ein landskapskjøtsel ved at ein unngår attgroing med kratt, og areala vert haldne opne. Planen foreslår slått også på areal der det er ynskje om bruk av beitepussar. Endeleg val av metode lyt avklarast etter tilgang på ressursar og kva som er praktisk gjennomførbart.



*Figur 7 Engparti med høgt nitrogeninnhald, typisk er få artar og dominans av hundekjeks og høge grasartar (her engreverumpe).*

#### Lauvrydding og oppslag

Rydding av lauvskog og –kratt har alltid med seg oppslag av nye skot, som vil danne tett kratt på få år. Beitedyr bør setjast inn medan oppslaga er heilt unge. Arealet lyt beitast ned fleire gonger. Det er tilrådd å nytte geiter (evt. villsau) på dei mest utfordrande areala for å hindre krattoppslag. På areal utanfor verneområdet, der det ikkje kan setjast inn beitedyr eller der det ikkje er mogleg å oppnå høgt nok beitepress til at oppslaga vert tekne, bør stubbar beisast for å drepe rota, og slik unngå oppslag. Det er ikkje ynskjeleg å nytte sprøytmiddel innanfor verneområdet. I utmarksområde (det vil og seie typiske utslåtter (små slåtteteigar i utmarka), lyt evt. slik bruk søkjast om, elles ikkje.


#### Prioritering i bruk av beitedyr

Planen nyttar seg av større bruk av styrt beiting (t.d. gjennom bruk av el-gjerde på mindre teigar) enn det som vert gjennomført i dag, der dyra går i store innhegningar eller fritt i terrenget. Skal dette vere gjennomførbart lyt ein sjå på Dyrdal som ein storgard, der beitedyra til ein kvar tid vert haldne på dei areala som treng det mest, innanfor kva som er forsvarleg i høve dyrevelferd. Det lyt gjerast avtaler om tilsyn med beitedyr med nokon som har fast tilhald i grenda i beiteperioden, og ein lyt ta høgde for auka ressursbruk ved oftare flytting av dyr og for å få til tenelege tilsynsordningar.

### 3.3 Rammer

#### 3.3.1 Avgrensing av planområdet

Dalen Dyrdal er i seg sjølv eit svært godt avgrensa landskapsområde, då dalsidene og botnen inst i dalen (der den deler seg i fleire greiner) dannar markante veggjar i eit veldefinert overordna landskapsrom. Landskapsområdet er då definert ut frå kartmålestokk 1 : 50 000, og tilsvarar det lågaste nivået i referansesystemet for landskap (Pushmann 2005, [www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no)). Planområdet er avgrensa på ein slik måte at det inkluderer areal som naturleg ligg innanfor dette samanhengande landskapsområdet. I tillegg er dei to fjelldalene Styvisdalen og Vassetdalen som går i kvar sin retning frå stølen Hjøльмо inkludert. Dette for å understreke samhengene mellom fjellet og gardane, som eit heilskapleg system der alle resursar har vorte nytta i gardsdrifta. Då kjem også fjellstølen Vassetete med i planen. Handadalen går og ut frå Hjøльмо, men denne dalen har mindre landskapsmessig samheng med hovuddalen, då han er ein hengande dal med ein svært høg terskel opp til dalmunningen. Det er ikkje kulturlandskapselement ein ynskjer å inkludere i Handadalen. Denne er difor halden utanfor.



Figur 8 Avgrensing av planområdet. Svart line markerar ytterkant av eit slutta landskapsområde som naturleg avgrensing av samanhengande kulturlandskap. Stipla line utgjer inkludert sidedal med fjellstølen Vassetete, som tilhøyrer heilskapen i kulturlandskapet i bygda. Dei ulike delområda er markert med ulike fargar (sjå teiknforklaring og teksten nedanfor)

#### 3.3.2 Inndeling i delområde; hovudeiningar for skjøtsel

Innanfor planområdet er det avgrensa ulike delområde. Desse er landskapsmessige, og i all hovudsak bruksmessige, naturleg samanhengande einingar ut frå visuell oppleving av landskapet. Planen tek ikkje omsyn til eigedomsgrenser, den er meint som ein overordna plan som tek vare på det

heilskaplege biletet i Dyrdal. Delområda kan gjerne innehalde fleire teigar, og også fleire eigedomar. Det er viktig at skjøtselen av desse teigane vert sett på i samanheng med kvarandre uavhengig av eigarskapen i dei ulike teigane.

Som delområde er det prioritert å fange opp innmarkene inkl. beite nede i dalen. For å vise heilskapen i kulturlandskapet og den fulle utnyttinga av resursane ein har hatt i dalen er dei viktigaste utslåttene/stølene inkluderte som eigne delområde. Alle utslåtter og gamle stølar er ikkje teke med, då dette berre vil ha historisk interesse, og då det ville gjere planen urealistisk å gjennomføre.

Stiar og vegar vil bevege seg også utanom skjøtselsområda, men innanfor planområdet.

Generelt gjeld at det kan ikkje setjast i verk tiltak på ein eigedom utan grunneigar sin tilslutning (jf likevel pkt. V i verneforskrifta for område som ligg inne i Nærøyfjorden landskapsvernområde, sjølv om det svært sjeldan er aktuelt).

#### **Delområde knytt til innmark og tilgrensande beite kring gardane:**

- |              |   |
|--------------|---|
| Delområde 1. | Dyrdal nedre<br>Nede ved fjorden, mellom elva og nausta med Arnehus og slåtte- og beitemark fom. nausta og vestover |
| Delområde 2. | Dyrdal øvre<br>Oppe på terrassen – dyrkamarka kring hovudtunet + nord/aust for vegen fram til første bru.           |
| Delområde 3. | Slåtte- og beitemarkene mellom vegen og elva inkl. Garborg og Svili   |
| Delområde 4. | Drægali   |
| Delområde 5. | Drægo   |

#### **Delområde som består av stølar eller utslåtter:**

- |               |                                   |
|---------------|-----------------------------------|
| Delområde 6.  | Skogane m. stølsvegane/stiane hit |
| Delområde 7.  | Jeiskali med vegar                |
| Delområde 8.  | Løhaug med vegen hit              |
| Delområde 9.  | Hjølmo                            |
| Delområde 10. | Vassete                           |
| Delområde 11. | Salthella                         |

Anna kulturmark (ikkje avgrensa som delområde):

Bjørkehagar; gode døme: aust for Salthella og over tunet i Drægali.

Utslåtter; gode døme: Lindagardane, Øpsta gjerdao og Nedsta Gjerdao, alle i lisida ovanfor og heimom Arnehus.

#### **Vegar/stier:**

1. Dyrdal – Salthella-Skogane
2. Dyrdal – Skogane
3. Vegen til Jeiskali inkl rundturveg med elvekryssing
4. Vegen til Løhaug
5. Gamlevegen frå Svili til Dyrdal
6. Hjølmo – Vassete med greinar vidare frå Vassete frametter Vassetdalen (Dyrdal – Jordalen) og opp på Rimstigfjellet (Dyrdal – Bakka eller Dyrdal - Jordalen)
7. Fjellvegen Dyrdal – Fresvik over Snauasete

Det finst og restar etter gamle vegar som i dag er vanskeleg å finne fram til. Ei kartlegging og framrydding av desse ville ha vore positivt, då dei har stor kulturhistorisk verdi. Dei er ikkje vesentlege for å kunne oppleve Dyrdal i dag, og arbeidsmengda knytt til kartlegging av desse gjer at dei ikkje er prioriterte i planen. Den viktigaste av desse vegane er gamlevegen oppover dalen frå Arnehus, som skal ha gått høgt i lisa, og dessutan går innom fleire utslåtter i nedre delar av dalen. Gamlevegen har vore samanhengande på nord-austsida av dalen heilt opp til Drægali. Det skal og vere og mogleg å fylgje gamlevegen mellom Drægo og Drægali.

## 4 Tiltaksplan

### 4.1 Ivaretaking av stiar og vegar i kulturlandskapet

#### Viktige vegar og stiar som bør haldast opne (evt. ryddast fram att)

1. Dyrdal – Salthella  
Vegen er skilta, men det har til tider vore vanskeleg å finne stien. Traseen er no i god stand etter at innleigde sherpaer har restaurert utraste murar og SNO og skuleelevar har rydda sommaren 2012.
2. Dyrdal – Skogane  
Mogleg å lage rundtur som inkluderer gamlevegen. Bør også rydde utsiktspunkt på veggen til Skogane, t.d. ved Kvilesteinen.
3. Turvegen til Jeiskali inkl rundturveg med elvekryssing.  
Bru over elva er inkludert i denne traseen.
4. Turvegen til Løhaug  
Vegen Drægo – Løhaug (sjå kart under delområde 5, Drægo) vert rydda kvart år. Traseen inkluderar bru som lyt haldast ved like.
5. Gamlevegen frå Svili til Dyrdal  
Det er utarbeidd eigen skjøtselsplan for denne veggen
6. Hjøльмо – Vassete med greiner vidare frå Vassete frametter Vassetdalen (Dyrdal – Jordalen) og opp på Rimstigfjellet (Dyrdal – Bakka eller Dyrdal - Jordalen)
7. Stølsvegen til Snauasete med samanbitting til Fresvik (Hjøльмо - Handadalen – Snauasete – Fresvik)  
Traseen frå Hjøльмо og opp Handadalen er bratt, og veks raskt til. Her er det trong for rydding av tre og kratt kvart år.


I kap. 4.3 under er det gjort tilrådingar i høve merking og retningsskilt langs stiar og gamle vegar.

#### Bruer

Fleire av stiane og dei gamle ferdselsvegane har elvekryssingar med bru. Vedlikehald av bruene er svært viktig. Etter gamal tradisjon har ansvaret for vedlikehald av bruene vore fordelt mellom Dyrdal i lag med Styvi og Drægo i lag med Drægali. Utan drift ved gardane kan vedlikehaldet verte tilfeldig, og det er naturleg at bruer som i hovudsak tener turstiar, og ikkje er naudsynte for landbruksdrift vert haldne som ein del av vedlikehaldet på desse stiane. Det er og ein del bruer som er viktige i samanbitting av utmarka utan at dei er del av nokon spesifikk tursti. Bruene er viktige både som tilkomst til stølar og til bruk av utmarka som utøving av jakt og fiske, sanking av bær og under sauesanking. Viktige eksisterande bruer:

- Til Løhaug frå nord
- Til Løhaug frå sør (veg/sti nr. 4)
- Ved Hjøльмо, ved inngangen til Styvisdalen
- Frå landbruksvegen til Hjøльмо og over til sjølve stølen
- Stien kryssar elva i Handadalen (veg/sti nr. 7)
- I stølsvegen til Vasset like før Vassetvatnet (veg/sti nr. 6)
- Veggen mellom Garborg og Leiteshagen kryssar elva (veg/sti nr. 5)
- Bru over Dyrdalselvi ved kraftverket
- Langs Gamlevegen er fleire plassar med, eller med trong for klopper og mindre, (flyttbare) bruer over bekker og rasfar (veg/sti nr. 5)
- Bru over elva på rundtur under Jeiskali (veg/sti nr. 3)

Ei kartlegging og framrydding av gamle vegar som i dag er vanskeleg å finne fram til ville vore positivt, då dei har stor kulturhistorisk verdi. Dei viktigaste av desse vegane er gamlevegen oppover dalen frå Arnehus. Det går og ein sti gjennom delområde 3 (der ein finn hovudinnhegninga i dag). Denne stien er opplevingsrik, og enkel å holde farbar. Den kan være ein del av ein mogleg rundtur saman med vegen eller som ein del av ein rundtur som inneheld gamlevegen. Tilrådd brukt som del av guida tur eller som tilråding til spesielt interesserte framfor allment tilrettelagt veg.



Figur 9 Oversyn over stiar, gamle ferdselsvegar og bruer omtalt i planen

## 4.2 Ivaretaking av kulturminne

Dyrdal har utallige kulturminne knytte til landbruksdrift, såkalla agrare kulturminne. Mange av desse er også viktige for landskapsoppleving. Ein bør legge vekt på ivaretaking av dei verdifulle, heilskapelege kulturmiljøa ein finn i Dyrdal, samt samhengane mellom desse. Restaurering av kulturminne ligg utanfor rammene til denne skjøtelsesplanen, men kulturminna spelar ei svært viktig rolle i kulturlandskapet. Noko av formålet med å stelle landskapet er også å få kulturminne fram i dagen, og å setje dei inn i sine opphavlege rammer. Ivaretaking av kulturmiljø er både kulturminnevern og skjøtsel av det menneskepåverka landskapet kulturminna er i. Skjøtsel av vegetasjon medan dei fysiske kulturminna innanfor dei ulike miljøa forfell er sjølvmotseiande, og mange stader bortkasta arbeid, då landskapet sine viktigaste roller er som rammeverk kring nettopp

kulturminna. I høve bygningsvern vert det synt til Restaureringsplan for bygningsmiljø i Nærøyfjordområdet v/ Jarle Sandvik og Gry Mørk.

Nokre sentrale kulturminne i Dyrdal:

- Bygningar på gardane. Det er viktig å ta vare på *alle* gardstuna. Tunet oppe på terrasseflata er utpeika som eit særleg verdifullt gardstun/bygningsmiljø innanfor Verdsarvområdet (jf. forvaltningsplanen), og representerer eit rekke/klyngetun med s høg autensitet.
- Støls hus – m.a godt bevarte bygningsmiljø på Hjølmo og Vassete. Vassete er mellom dei best bevarte stølsmiljøa i Verdsarvområdet.  
Sel på stølar som er inkludert i skjøtselsplanen bør prioriterast (Vassete, Hjølmo, Løhaug og Skogane)
- Løer – det er ei uvanleg samling av utløer i Dyrdal, særleg på teigane langs elva, i Fremstali og Heimstali (delområde 3). Delområde 3, som er eit stort område med mosaikk av beiteskog, små og større slåtteteigar og beitemarker der løene er viktige for forståinga av området sin historiske funksjon. Samlinga av ståande løer i Dyrdal er unikt i høve resten av verdsarvområdet. Det står også einskidløer i utmark som fortel om at her har vore slått (og sanking av lauv) på plassar der ein ikkje lengre finn opne enger, t.d. løa i Nes under Drægo. Desse er viktige kulturhistoriske dokument.
- Bakkemurar – Særleg viktige for opplevinga av kulturlandskapet. Området mellom elva og klyngetunet (Leiteshagen) bør få høg prioritet i høve ivaretaking og framrydding av murar (Delområde 2, teig 2c). Her er gamle teigstrukturar synlege pga murar på og mellom teigane. Området er lett tilgjengeleg med nærleik til tunet og vegen, og naturleg å oppsøke då ein del av Gamlevegen går gjennom teigen. Området er og viktig som del av miljøet langs Gamlevegen som kulturminne.



Figur 10 Høg mur i Heimstallid. Truleg har muren fungert som ein kombinert bakkemur og vegmur for ein tidlegare vegtrasé (pers. med. Arild Dyrdal).



- Steingardar – Særleg gode døme mellom elva og klyngetunet (delområde 2, teig 2c).
- Vegar og vegmurar – Mange gode døme, godt bevarte parti av Gamlevegen, veg til Løhaug og nyrestaurerte murar på veg til Jeiskali og på stien utover langs fjorden mot Salthella. Også delar av gamlevegen som ikkje er inkludert i planen har attståande godt bevarte murar. Til dømes ligg ein høg, godt bevart mur like nedanfor tunet i Drægo, dette er siste delen av gamlevegen der den kjem inn til Drægo. Vegmurane er mellom dei viktigaste murane å ta vare på. Det vert tilrådd å utarbeide eigne restaureringsplanar/tiltaksplanar for den einskilde vegen. Gamlevegen frå Svili til klyngetunet har ein tiltaksplan frå 2006 (Bøthun 2006). Vegen til Jeiskali er pr. dato i høvesvis god stand, men ikkje utan problempunkt.
- Rydningsrøyser – Knytt til alle slåtteteigar. Eit av fleire gode døme finn ein i kantsona mellom innmark og utmark «bakom» slåttemarka ved klyngetunet (delområde 2, teig 2b).
- Tufter
- Strengefeste syner korleis ved, lauvkjerv (dyrefor av lauv) og høy vart frakta nedover bratte lisider. Det ville vore positivt å setje i stand einskildstrengar på synleg plass for å illustrere denne metoden. T.d. kan innspelte ynskjer om nyoppsetting av strengar frå Skogane og frå Løhaug verte gode døme.
- Steinmurar i strandkanten og sjølve strandlinja er mange stader utsett for utvasking frå bølgiene frå større båtar på fjorden.

### 4.3 Tilrettelegging for besøkande

#### Teltplass og landing av kajakkar og andre småbåtar

Det ligg godt til rette for opptrekk av kajakk og telting ute på Salthella. Her er det og sett opp eit toalett av SNO. Planen syner ein teltplass til, i Salthelleviki. Desse to flatene bør ryddast jamnleg i utkantane og haldast opne. Det bør skiltast mot toalett frå Salthelleviki mot toalettet på Salthella. Salthella er truleg den mest attraktive stranda i Nærøyfjorden, og er mykje brukt av kajakkpadlarar og anna båtfolk.

Arnehus vert og nytta noko til telting. Det er ikkje ynskje om tilrettelegging med toalett eller organisert kajakkopptrekk her. Ein bør heller freiste å motivere folk til å trekkje til Salthella, slik at toalettet her vert nytta.

Det er og eit behov for gjestekai. Inneverande plan har ikkje teke inn framlegg om lokalisering av dette. Dei lokale opplever stor etterspurnad etter ein stad der motorbåtar kan liggje til kai. Ein gjestekai for motorbåtar vil vere eit godt tilretteleggingstiltak for besøkjande i Dyrdal, og folk som ynskjer å vandre vidare inn til stølane. Det vert tilrådd å sjå på moglege løysingar for gjestekai.

#### Toalett

Det er stor trong for toalett for besøkande, både kajakkpadlarar og andre. Det vert tilrådd å setje opp eit spyletoalett tett opp til skulehuset. Det vil være lett å finne for ulike brukarar, og det ligg til rette med tilgong til vatn og avløp. Det står allereie eit toalett i utmarka, oppsett av SNO, til bruk for dei som teltar på eller nær Salthella.

#### Informasjon, skilting og merking

Det er trong for informasjonsoppslag til besøkande, både praktiske opplysningar og formidlande stoff om natur og kultur. Oppslaget bør minst innehalde stoff om:

- Staden
- Landskapsvernet inkl. verneområdegrensar
- Verdsarvområdet.
- Kart over grenda og over turstiar, utsiktspunkt og kulturmiljø
- Litt om reglar for bål, bandtvang og telting i utmark
- Tilvising til tilrådd stad for telting

Det er kome innspel om å setje opp tømmerveggar på ein av naustmurane nær kaien for skydd og for plass til å henge opp informasjon til besøkande. Bygget vil og kunne romme eigne informasjonsoppslag i regi av Verdsarvrådet. Dette ville vore eit positivt tiltak.


Å merke med raudmaling kan opplevast skjemmande for opplevinga av gamle vegar som kulturminne. Vegane er som regel tydelege i terrenget, og enkle å fylgje utan å gå seg bort, så behovet er lite. Det viktigaste er å vite at ein er på den rett veg. Langs mindre stiar kan ein lett ta feil, og kome inn på dyretrakk eller småstiar som endar i «blindgate», her bør ein merke. For oversyn over vegar og stiar som bør skiltast og/eller merkast sjå kap. 4.1 over. Framlegg om punkt for skilting kjem fram i kartet under.

Viktige punkt når det gjeld skilting og merking:


- Retningsskilt til gamle vegar og til turmål – nytte same mal som øvrige skilt i Dyrdal og i og nær verdsarvområdet (oppsett av Nærøyfjorden Verdsarvpark, jfr. fig. under).
- Startpunkta på alle stiar og vegar i planen bør skiltast med retningsskilt.
- Det bør skiltast i stikryss.
- Unngå merking med maling langs gamle vegar. Vanskelege punkt (kryss) bør skiltast.
- Mindre stiar bør merkast. Det bør synast varsemd under merking, ein bør nytte same merkemetode som andre stiar i Verdsarvområdet som ligg utanom DNT sitt rutenett. (Retningsliner hjå Nærøyfjorden Verdsarvpark)).
- Skilting av teltplass og toalett.
- Retningsskilt mot teltplass og toalett.




Figur 11 Retningskilt sett opp i Dyrdal av Nærøfjorden Verdsarvpark.




Figur 12 Eksisterande og ny tilrettelegging på Salthella. Nordlegaste teltplass vert ny, føreslege erstatning for teltplass i Kjeringateigen.



Figur 13 4 Tilrettelegging for besøkannde i kaiområdet. Tidlegare framlegg om teltplass vert føreslege flytt nærare Salthella, sjå fig. 13.



Figur 145 Starten på Gamlevegen, veg til Jeiskali og rundtur om Jeiskalivegen.



Figur 15 Startpunkt for støls- og fjellvegar

#### 4.4 Skjøtsel av Kulturlandskapet

##### Overordna grep

##### Beiting

Beitedyr vil måtte spele ei avgjerande rolle for å oppretthalde kulturlandskapet i Dyrdal. Då ingen gardar er i vanleg drift og har husdyr sjølv, må beitedyr kome utanbygds frå. Det er viktig å leggje til rette for dette, og viss dette i framtida ikkje blir mogleg, må det setjast i verk andre skjøtselstiltak.

##### Landbrukskai

Som ein del av tilrettelegginga for å klare å ta vare på kulturlandskapet i Dyrdal er det planlagd bygging av ei landbrukskai. Planegging med plassering og avtaler kring etablering og bruk har gått parallelt med arbeidet med skjøtelsplanen. Eigen detalj-reguleringsplan for kaien ligg no føre (sjå eige vedlegg). Kaien vert plassert like vest om dagens kai.

Eit viktig omsyn å ta under bygging av kaien er at nokre store steinblokkar som ligg noko vest for planlagd plassering av kai bør få ligge der dei ligg. Desse har kulturhistorisk verdi då dei er med i kjende maleri med motiv frå Dyrdal.

##### Bilveg

Frå kaien og opp til Drægo går det ein bilveg. Vidare frå Drægo går det ein landbruksveg fram til Hjøльмо (parkering/snuplass før brua som ligg nedanfor selbøen). Bilvegen er ein kommunal veg. Det er vanskeleg å vedlikehalde vegen, og den har vorte nedprioritert av kommunen av økonomiske grunnar. Særleg er det problem i høve vårflaumar, som grev ut vegbana, og i høve skred som dels rasar over vegen og dels kan ta med seg delar av vegen. Det er trøng for vedlikehald av bruer, regelmessig vedlikehald av grusdekket, sikring mot vassgraving i vegen ved gjenoppgraving og

jamnleg vedlikehald av vegggrøfter og stikkrenner og raskare opprydding etter skred og evt. vassgraving som likevel skulle førekoma. *Vedlikehald av vegen er ein absolutt føresetnad for å få gjennomført skjøtsel ved beitedyr*, og også for svært mange av dei andre tiltaka i planen.

### **Etablering av faste gjerder**


Det er tidlegare etablert eit hovudgjerde for skjøtsel gjennom beite, sjå figur 17. Denne innhegninga vert både nytta til å halde dyr inne på areal der ein ynskjer beite, og det vert nytta til mellombels opphald av dyr som vert flytta mellom ulike, andre beiteområde. Gjerde rommar i dag nordlege del av delområde 2 (teig c og d) og den delen av delområde 3 som ligg på vestsida av elva (teig b, c, d, og e).

Faste gjerde er nyleg sett opp på Drægo (delområde 5), sjå figur 17. Desse vil gjerde dyra inne på areala som ligg nedanfor gardsvegen samt ein del utmark i tilknytning til dette. Gjerde trase lagt fram i planen tilsvarar desse gjerda. Det er i tillegg trong for ei lita forlenging ned mot elva, og eit kortare gjerde langs elva (vist på kartet, sjå figur 17). Denne biten bør prioriterast høgt mellom nye gjerder, då det er ein bit av hovudgjerda.

Det vert tilrådd etablering av nytt fastgjerde kring Garborg og Høygjerde (delområde 3), sjå figur 17. Dette vil innlemme slåtteteigar aust for elva i hovudinnhegninga i dalen. Desse teigane er gjeve prioritet 2.

Det vert tilrådd etablering av nytt fastgjerde kring Jeiskali (delområde 7), sjå figur 17. Dette delområdet er gjeve prioritet 2.

I Drægali (delområde 4), sjå figur 16, er det tilrådd slått som hovudform for skjøtsel. Haustbeite i tillegg vil vere positivt. Som eit mindre krevjande alternativ til skjøtsel ved slått i kan området beitast ned forsommar og haust. Ein vil ved dette tape biologiske verdiar, men skjøtsel ved beite er langt betre enn ingen skjøtsel dersom slått vert funne for krevjande. Dette kan løysast ved å setje opp eit fast gjerde frå nedkant av etablert gjerde på Drægo og tvers over til Habruelvi. Denne går i eit gjel og fungerer som gjerde. Eit slikt gjerde vil, saman med grinda på Habrua halde dyra inne på Drægali. Eit slikt gjerde kan og ha funksjon dersom ein vel slått som skjøtelsform, då dei kan nyttast til å få haustbeite på desse teigane, noko som ville vore positivt og i tråd med tilrådingane gjeve for delområdet. Skjøtsel av Drægali er høgt prioritert. Ved alternativ med beite som hovudskjøtsel bør dette gjerdet gjevast førsteprioritet. Med slått som hovudskjøtsel fell det saman med gjerde som forenkler drift.



Figur 166 Eksisterande og framlegg til nye gjerdetrasear i delområde 4, 5 og 7. Gjerde 3: Eksisterande inngjerding av Drægo. Gjerde 4: Forbetring av inngjerdingen av Drægo mopt elva. Gjerde 5: Inngjerding av Jeiskali, Gjerde 10 og 6: Sperregjerder for enkel flytting av sau frå hovudgjerde (gjerde1) til Drægali og Drægo. Gjerde 6 vil oppheve trongen for den sørlege delen av gjerde 5. Gjerde 9: Inngjerding av Drægali. Gjerde 1 nede i hjørnet er eksisterande hovudinngjerding kring delområde 3 langs elva.

Gjerde i Drægali ville lette logistikken i høve forflytting av beitedyra monaleg. Dette vil, saman med tilrådde sperregjerde (sjå under), syte føre at dyra vil kunne flyttast gradvis oppover i dalen på forsommaren og nedover om hausten utan trong for omfattande transportering på hengar (bil og traktor).

#### Gjerdetrasear som vil forenkle drifta


Det vert tilrådd etablering av eit fast ledegjerde frå kaien og opp terasseskråninga på vestsida av bilvegen, gjerde nr. 8 i figur 17 (delområde1), og vidare i grensa mellom innmark og utmark vest for klyngetunet, nr. 7 i figur 17 (delområde 2). Desse to gjerda vil være dei viktigaste av dei som forenkler drifta og bør gjevast førsteprioritet. Dette vil lette transporten av beitedyr monaleg, og det vil gje godt høve til å få beita ned teig 2b. I samband med kaien og ledegjerdet bør det og etablerast ei mindre samleleve i Kjeringateigen, evt. med netting som vert teke ned når det ikkje er i bruk.

For å lette sanking og transport av dyr ned frå fjellbeite kan det setjast opp eit gjerde i overkant av dei gamle slåttemarkene over vegen til Hjølmo, gjerde nr. 11, figur 18. Det vil vere enkelt å gjerde inne slåttemarkar på begge sider av vegen, med elva som sperre mot sør. Dette ville fungere som sankekve der dyra kan stå nokre dagar, og det ville samstundes syte for at dei gamle utslåttene her vart haldne opne.


Dersom det vert etablert eit fastgjerde for beiting i Drægali ville eit sperregjerde langs vegen mellom Fremstali og Drægali vore svært nyttig, sjå figur 17, gjerde nr. 10. Dette ville og erstatte trongen for nedste del av gjerde langs traktorvegen nedanfor Jeiskali.

Gjerde nr. 10 og 11 kan prioriterast noko lågare.

Oppsett av faste gjerde bør finansierast gjennom tiltaksmidlar.



Figur 8 Framlegg til nytt gjerde: Sperre over vegen nedanfor Hjølmo. Dette gjerdet vil skape ei stor kve mellom seg og elvene.



Figur 7 Eksisterande og framlegg til nye gjerdetrasear i delområde 1, 2 og 3. Gjerde 1: Eksisterande hovudgjerde Leitehagen – Fremstali. Gjerde 2: Framlegg til nytt gjerde kring slåttemarkene Garborg og Høygjerde Gjerde 7: Inngjerding av kantsone mellom slåttemark og lisida bakom vest for klyngetunet. Gjerde 8: Geil frå landbrukskai og opp i beiteområdet.

### Bruk av flyttbare gjerde

I teigar utanom område med faste gjerde der det er tilrådd skjøtsel ved beite, er det teke utgangspunkt i bruk av flyttbare el-gjerde. Det bør kjøpast inn el-gjerde og -apparat til slik bruk. Desse teigane vil ha trong for beite i ein eller to kortare periodar gjennom sesongen, og dyra lyt flyttast når arealet er beita ned. Alternativet til el-gjerde er alminneleg sauenetting på faste gjerdestolpar. Ved bruk av fast netting lyt nettingen fjernast etter beiting for å ikkje hindre allmenn ferdsel. Bruk av el-gjerde krev tettare tilsyn med beitedyra. For å gjennomføre slik skjøtsel er det naudsynt med avtalar om dagleg tilsyn. Ekstra flytting av dyr, samt stor trong for tilsyn, krev auka ressursar i høve beite i store inngjerdingar eller fritt i terrenget.



### **Maskinell slått og beitepussing**

Eit av hovudmåla er å halde den beste slåttemarka i hevd og stelt. Dei største, mest lettdrevne teigane er inkludert i areal med 1. prioritet i tilrådingane. Der det er slette, store teigar bør ein freiste å slå med traktor og slåmaskin, dette gjeld i Dyrdal nedre (delomr 1), Dyrdal øvre inkl. nord for vegen (delomr. 2), Drægo (delomr 5), dei beste bøane i Drægali (delomr. 4). Det er nok med ein slått på desse bøane. På areal med høgt artsmangfald bør slåtten være sein, dvs. tidlegast i første halvdel av-, og gjerne fram mot midten av juli månad. Det er viktig å fjerne graset. Bøane kan gjerne beitast vår og haust om det er trong for beite, elles bør beitedyra prioriterast på teigar som er vanskelegare å skjøtte manuelt. Beitepussing er ein god skjøtsel av beitemark, for forbedring av beite og bekjemping av tuedanning. Beitepussing er generelt ein dårleg erstatning for slått, men er eit alternativ dersom ein ikkje har ressursar til å fjerne graset etter slått (sjå diskusjon kring metodar for skjøtsel, kap. 3.2.1).

Pussing eller slått av område med beite som hovudskjøtsel må gjennomførast ved midtsommar, snarast mogleg etter at sauene er flytta ut av beiteområdet. Dette vert viktig m.a. i Heimstali og Fremstadli (delomr.3), Leitehagen (delomr. 2) og på Drægo (delomr. 5).

Tabell 1 Oversikt over teiginndeling med nøkkeleigenskapar og viktigaste tiltak for vegetasjons- og landskapsskjøtsel. Delområde og teigar er omtalte under.


Del-omr	teig	Navn	Landskap	Veg_type	Tilstand	Tiltak	Prioritet	Kulturmiljø	Biologiske verdier
1	a	Arnehus	Svært viktig	Slåttemark	I hevd	Årleg slått	1	Kulturhistorisk viktig, tingstad	Gammaleng, urterik
1	b	Øyane	Svært viktig	Slåttemark	I hevd	Årleg slått	1		Dyrka slåtteeng
1	c	Øyane - Huldehåla	Svært viktig	Slåttemark	I hevd	Årleg slått	1		Gammaleng, urterik
1	d	Hyttetuna	Litt viktig	Slåttemark	Stadie 3	Rydding, årleg slått	2		Kantkratt
1	e	Nausti	Svært viktig	Slåttemark	Stadie 2	Rydding, slått av rydda parti, vårbeiting	1	Naust, båtopptrekk	Strandeng, dels gamaleng
1	f	Skulehusteigen	Svært viktig	Slåttemark	I hevd	Årleg slått	1	Ein del av velkomsten til Dyrdal	Gammaleng, urterik
1	g	Skulehusteigen	Viktig	Kantkratt	Gjengrodd	Rydding	1	Ein del av velkomsten til Dyrdal	Forvilla kirsebær, nyperoser og anna kratt
1	h	Skulehusteigen	Svært viktig	Plen	I hevd	Årleg slått	1	Ein del av velkomsten til Dyrdal	Gressplen
1	i	Guleskogen/reina	Viktig	Naturbeitemark	Stadie 3	Tynne	2		Edellauvskog, restar av naturbeitemark
1	j	Kjerringateigen	Viktig	Slåttemark	Stadie 3	Rydding, beite	2	Del av heilskap, enger langs fjorden	Tidlegare natureng
2	a	Garden - Urane	Svært viktig	Slåttemark	I hevd	Årleg slått	1	Viktig for opplevinga av tunet	Eng, noko gammeleng
2	b	Leitesagen-Gardbogbrui	Viktig	Naturbeitemark	Stadie 2	Rydding, beite	3	Viktig del av heilskap	Kantkratt, naturbeitemark
2	c		Svært viktig	Slåttemark	Stadie 1	Slått og beite	1	Gamlevegen og	Slåtteeng og

								mykje steinmurar	naturbeitemark
2	d		Litt viktig	Naturbeitemark	I hevd	Beite, beitepussing	2		Naturbeitemark tidligere slåtteeng
2	e	Furuskogen	Svært viktig	Skog	Tett	Tynne	2	Innsyn til klyngetun, viktig for kulturmiljø	Furuskog, noe gan, noe edellaav
3	a	Gardbog og Høygerdet	Viktig	Slåttemark	Stadie 2	Rydding, beite	2	Viktig i samband med gamlevegen	Slåtteeng og naturbeitemark
3	b		Litt viktig	Beiteskog	Stadie 1	Beite	2		Beiteskog
3	c		Litt viktig	Slåttemark	Stadie 1	Beite	2		Naturbeitemark tidligere slåtteeng
3	d	Heimstadli	Viktig	Naturbeitemark	Stadie 1	Beite	1	Viktig del av samanhengande område, murar og løer	Naturbeitemark tidligere slåtteeng
3	e	Fremstali	Viktig	Slåttemark	I hevd	Slått og beite	1	Viktig del av samanhengande område, murar og løer	Naturbeitemark tidlegare slåtteeng
3	f	Svili - Brimhiti	Viktig	Slåttemark	Stadie 1	Årleg slått	2	Viktig i samband med gamlevegen	Gammeleng
3	g	Svilateigene	Viktig	Slåttemark	I hevd	Årleg slått	2	Viktig i samband med gamlevegen	Gammeleng
4	a	Drægali under tunet	Svært viktig	Slåttemark	Stadie 1	Slått	1		Gammeleng, urterik
4	b	Drægali under vegen	Svært viktig	Slåttemark	Stadie 1	Slått	1		Gammeleng, urterik
4	c	Drægali	Svært viktig	Slåttemark	Stadie 2	Rydding, slått og beite	1	Murar, røyser, styvingstre, tufter etter tidl. tun	Gammeleng, urterik

5	a	Drægo bøen	Svært viktig	Slåttemark	I hevd	Årleg slått	1		Dyrka slåtteeng
5	b	Drægo	Svært viktig	Slåttemark	I hevd	Beite, beitepussing	1		Dyrka slåtteeng
5	c		<u>Viktig</u>	Beitemark	I hevd	Beite	2		Naturbeitemark, tørrbakke
5	d	Drægo i skogen	Litt viktig	Slåttemark	Stadie 2	Rydding, beite	2	Mangle gamle steinmurar, småteigar	Gamle åkrar og slåtteenger
5	e		<u>Viktig</u>	Naturbeitemark	Stadie 1	Beite	2		Naturbeitemark tidligere slåtteeng
5	f	Drægo langs vegen	<u>Viktig</u>	Slåttemark	Stadie 2	Rydding, beite	2	Ein del av velkomsten til Drægo	Eng attgrodd m ma bregner
5	g		<u>Viktig</u>	Beiteskog	I hevd	Beite	2	Ein del av velkomsten til Drægo	Bjørkehage
6	a	Skogane	<u>Viktig</u>	Naturbeitemark	Stadie 3	Halde open v. rydding	3	Støl, verdifult miljø	Tidlegare natureng
7	a	Jeiskali	<u>Viktig</u>	Naturbeitemark	Stadie 1	Beite	2	Døme på utslått	Naturbeitemark tidligere slåtteeng
7	b	Jeiskali	Litt viktig	Beiteskog	Nyrydda	Beite	3		Beitemark, tidligere tresett beite, beiteskog
7	c	Jeiskali	<u>Viktig</u>	Naturbeitemark	Stadie 1	Beite	2	Døme på utslått	Naturbeitemark
7	d	Jeiskali	<u>Viktig</u>	Naturbeitemark	Stadie 1	Slått, beite	2	Døme på utslått	Naturbeitemark tidligere slåtteeng
7	e	Jeiskali heimst	<u>Viktig</u>	Slåttemark	Stadie 2	Rydding, beite	3	Døme på utslått	Naturbeitemark tidligere slåtteeng
8	a	Løhaug	<u>Viktig</u>	Selbø	Stadie 2	Rydde, beite	2	Heimestøl	Naturbeitemark

									tidlegare slåtteeng
9	a	Hjølmo	Svært viktig	Selbø	Stadie 2	Eigen plan	1	Heimestøl	Naturbeitemark tidligere slåtteeng
10	a	Vassete	Viktig	Selbø	Stadie 2	Beite	3	Fjellstøl	Naturbeitemark
11	a	Salthella	Viktig	Slåttemark	Stadie 1	Rydding, slått	2	Gamal slåtteeng, friluftsområde for båtfolk	Tidlegare natureng

#### 4.4.1 Delområde 1 Dyrdal nedre



Figur 9 Teigar i delområde 1 med tilrådd vegetasjonsskjøtsel. For framlegg til tilretteleggingstiltak sjå kap. 4.3, fig. 13 og for framlegg til nye gjerde sjå kap. 4.4, figur 17.

Delområde 1 ligg nede ved fjorden, mellom elva og nausta med Arnehus og slåtte- og beitemark fom. nausta og vestover. Området er særlig viktig for landskapsopplevinga, og utgjer ein viktig del av bygda sitt «ansikt» mot besøkande. **Dette gjev 1. prioritet i høve skjøtsel** med unntak av einskilde teigar (nemnde i teksten).

##### Om dei einskilde teigane

###### 1,a Arnehus

Arnehus har ei fin slåtteeng med naturengspreg. Opphavet er truleg innsådd eng som har utvikla seg til «gamaleng» med eit høgt innhald av stadeigne urter. Skog kryp inn frå kantane. Teigen har verdiar både som slåtteengslokalitet og særleg som landskapselement. Plassen er historisk viktig, og bør også av den grunn prioriterast for skjøtsel. Det skjer i dag utvasking av den gamle steinmuren (med ein gamal kai) langs strandlinja, og utvaskinga grev seg innover marka.

Viktig for landskapsoppleving.

Kulturhistorisk viktig.

Tilrådd skjøtsel: framhald av årleg slått. Viktig å fjerne biomasse (graset).

###### 1b

Desse engene består av moderne drivne grasenger. Engvegetasjonen består av innsådde artar (typ. engreverumpe m fl) der naturengplanter har kome noko inn, slik at enga har hatt ei utvikling mot typen «gamaleng». Høgt innslag av hundekjeks indikerer høgt nitrogeninnhald.

Verdiane er først og fremst knytt til landskapsoppleving, både som viktig for kulturlandskapet i seg sjølv, og i det overordna landskapsbilete ein har av bygda Dyrdal.

Viktig for landskapsoppleving.

Tilrådd skjøtsel: framhald av årleg slått.

#### 1c, Allmenningen (Sameige bruk 5 og 7)

Engareal med typisk «gamaleng». Engreverumpe dominerer mellom grasartane og vitnar om innsåing i si tid. Elles er her og andre gras som raudsvingel, engrapp og gulaks. Enga har eit høgt innslag av urter, og vert oppfatta som ei «blomeeng». Her er mykje skogstorknebb, og elles artar som hundekjeks, engsyre, storengkall, raudknapp, ryllik, kvitmaure, gulmaure, fuglevikke, og marikåpe.

Viktig for landskapsoppleving.

Tilrådd skjøtsel: framhald av årleg slått. Viktig med fjerning av biomasse for å oppretthalde floramangfaldet.

#### 1d

Store delar av den tidlegare slåtteteigen er gjengrodd med kratt. Den ligg mellom storvakse bjørkeskog og innmark inkl. eit tun. Ei hytte ligg innanfor teigen.

Viktig som ein del av heilskapen i kulturlandskapet, mindre sentral for landskapsoppleving.

Tilrådd skjøtsel: Rydding av kratt, gjenopptaking av slått. 2. prioritet.



Figur 10 Frå teig 1e, areal med engprega vegetasjon kring nausta.

#### 1e, Naustrekka

Ytre delar av teigen består av strandeng. Her kjem salttolerante artar inn i større grad enn i dei andre areala langs fjorden. I øvre delar er det meir naturengsprega vegetasjon, der noko er tresett, og der noko kratt har etablert seg stadvis. Her ligg fleire naust, og teigen er ein svært viktig del av bygda sitt andlet mot fjorden. I strandenga veks m.a. strandkjempe, kvann, mjørdurt, engsyre, karve, tiriltunge, engsmelle og blårap, og nærast sjøen veks gåsemure og skjørbuksurt.

Viktig for landskapsoppleving.

Kulturhistorisk viktig.

Tilrådd skjøtsel: Rydde vekk kratt, større tre bør få stå. Slått av dei rydda areala og arealet mellom vegen og nausta og mellom bygningane for å halde på engvegetasjonen og unngå nye oppslag. Vårbeite vert tilrådd i heile teigen (flyttbart el-gjerde). Dei mekaniske tiltaka i teigen bør få 1.prioritet medan vårbeite kan gjevast 2. prioritet.

1f og g, Skuleteigen aust

Slåtteeng kring skulen. Enga er ei blomerik «gamaleng».

I areal merkt g veks kantkratt m.a. med kirsebær, som kryp innover teigen. Dette bør ryddast attende.

Viktig for landskapsoppleving. Teigen er viktig i høve førsteinntrykket av Dyrdal når ein kjem til bygda. Viktig i heilskapen kring brygga, nausta, gardstunet som ligg her, og skulen.

Tilrådd skjøtsel: Framhald av årleg slått, tilbakerydding av kantkratt (1gang).

1h, Skuleteigen vest

Engareal skjøtta som plen.

Viktig for landskapsoppleving. Teigen er viktig i høve førsteinntrykket av Dyrdal når ein kjem til bygda. Viktig i heilskapen kring brygga, nausta, gardstunet som ligg her, og skulen.

Tilrådd skjøtsel: framhald av jamleg slått.

1i, Terrasseskråningen

Tresett skråning mellom kaien m. gardstun og terrasseflata med hovudtunet. Delar av teigen har vore innmarksbeite (jf. økonomisk kartverk). Denne delen har grasdominert feltsjikt, men er i attgroing med nyperose, hassel og ask. Resten av teigen er yngre skog med grøvre tre i øvre delar.

Viktig for heilskapen i landskapet. Eit noko meir ope preg vil auke kontakten med tunet ovanfor og bidra til å gje ein større heilskap, då øvre og nedre delar av bygda vert bundne betre saman.

Tilrådd skjøtsel: Lysopning v. tynning, gjerne rydding på tidlegare engareal. 2. prioritet.

1j, Kjeringateigen

Dette er fleire, gamle slåtteteigar som ligg langsetter skråninga like over stranda vest for kaien. Areala er attgrodde med nitrofile, grove artar, m.a. tette felt med mjørdurt. Einskilde kratt har kome opp. Dette er tidlegare enger som truleg har vore natureng. I teigen står og ei stor, gamal alm. Almen lyt få stå som landskapselement og av omsyn til den biologiske verdien av gamle tre. Busker i nærleiken av treet bør fjernast slik at det står heilt fritt. Kjeringateigen er ein del av andletet mot fjorden. Tilbakeføring til engvegetasjon ved krattrydding og beite eller evt. slått er ynskjeleg. Det bør nyttast el gjerde eller faste stolpar der nettingen vert teke ned etter kvar beiteperiode.

Ilandføring av beitedyr frå landbrukskaien vil skje i denne teigen. Det er trong for ei samlekve, og det vert tilrådd å etablere ein geil herfrå slik at dyra sjølve kan gå oppover mot beiteområda.

Viktig for landskapsoppleving.

Tilrådd skjøtsel: Etablering av samlekve og geil: 1. prioritet. Rydding av kratt, beite (flyttbart gjerde): 2. prioritet.

### Tilretteleggingstiltak, delområde 1

#### *Tilrettelegging for utøvarar av friluftsliv*

I delområde 1 er det trong for etablering av opptrekk for små fritidsbåtar, særleg med tanke på utøvarar av friluftsliv (der dei fleste padlar kajakk). Det er trong for areal som vert slege slik at




besøkande med båt kan telte. Det er vanskeleg å finne plassar der dette kan skje utan at telting og bålbrekking mm. kjem for tett innpå fritidseigedomane. Det vert tilrådd å skilte mot tilrettelagde teltplassar på Salthella. Vidare er det trong for toalett. Det finst ein eksisterande toalett nær teltplassane. Det er og viktig med toalett i kaiområdet. Det vert tilrådd spyletoalett tilknytt skulehuset, oppført i eigen, liten bygning på austsida av skulen. Sjå kart i figur 13 og 12 for tilrådd plassering av tilretteleggingstiltak for friluftslivsutøvarar.

#### *Bygging av landbrukskai*

For å betre tilhøva for transport av beitedyr mm. vil det verte bygd landbrukskai. Denne er plassert sør-vest for dagens kai ifølgje reguleringsplan utarbeidd av Jarle Sandvik (sjå vedlegg). Det vert ikkje konflikt mellom landbrukskaien og opptrekk for små fritidsbåtar.

#### 4.4.2 Delområde 2 Dyrdal øvre

Delområde 2 ligg oppe på terrassen, og utgjer dyrkamarka kring hovudtunet saman med innmarka som ligg nord- og aust for vegen, då denne heng naturleg saman med teigane bakom tunet. Området er svært viktig som autentiske rammer kring klyngetunet, og utgjer soleis ein del av eit spesielt verdifullt kulturmiljø. Teigane ein opplever frå vegen og Gamlevegen er gjeve 1. prioritet medan teigar ein lyt meir inn i kulturlandskapet for å oppleve er gjeve 2. prioritet. Også landskapsskjøtselen i terrasseskråninga under tunet er gjeve 2. prioritet.



Figur 11 Teigane i delområde 2. Berre eksisterande gjerde er teikna inn, for framlegg til nye gjerder sjå figur 17.

#### 2a, Klyngetun, slåttemark

Teigen består av fleire eigedomsteigar direkte bakom tunet. Dei utgjer ei samanhengande open flate mellom tunet si rekke med løer og steile bakkar bakom. Delar av engene består av

gamaleng, men engene på dei ulike eigedomsteigane er litt ulike. Lengst i sør (skal ha vore slege årleg) er engane dominert av grasartar som er gjennomgåande mjukare enn dei nordlege teigane. Vidare nordover finn ein den typiske engreverumpe-engane med innslag av høgvalsne urter som skogstorknebb og hundekjeks, vanlig på mange av engene i Dyrdal (utvikling mot gamaleng dersom ein får fjerning av biomasse gjennom vanleg slått, utan fjerning av biomasse vil nitrogen bygge seg opp og engane vert stadig grovare). Nord for denne ligg ein teig som truleg vert slege oftare. Ho var høvesvis nyslege undersynfaring i 2012. Engane ga då inntrykk av å ha mjukare grasartar og lite urter, nærmare ein hage. Den nordlegaste teigen er dominert av hundekjeks og engreverumpe. Denne er slått regelmessig dei seinare år, men biomassen er oftast ikkje fjerna. Nitrofieringen har kome merkbar lengre her enn på sørlege delar av engarealet. Kulturhistorisk viktig, viktig for landskapsoppleving, stadvis biologisk verdi.  
Tilrådd skjøtsel: Årleg slått. 1. prioritet.



Figur 12 Innmarka bak hovudtunet der løene danner ei rekke.

#### 2b, Klyngetun, beite

Teigen utgjer ei kantsone mellom slåttemark og skogen som veks i blokkmark langs fjellfoten bakom. Feltsjiktet består i hovudsak av engvegetasjon tilsvarande naturbeitemark. Her ligg ei rekke steinstrukturar som gamle steingardar og store rydningsrøyser. Ein steingrad fylgjer grensa mellom slåttemark og denne teigen, som har vore nytta til beitemark. Steingarden er best bevart langs eigedomen 67/1. Arealet har mykje oppslag av m.a. hassel, einer og bjørk.

Viktig som del av heilskap. Kulturhistorisk viktig då den inneheld mykje agrare kulturminne.

Tilrådd skjøtsel: Rydding av oppslag, beite. 2. prioritet.

#### 2c, Leitehagen

Teigen er landskapsmessig eit framhald av teigen bakom tunet. Engvegetasjonen er natureng, og klassifiserer som naturtype naturbeitemark. Området er svært rikt på kulturminner i form av både bakkemurar, kortare steingardar, tufter, og vegmurar tilhøyrande sideveg til Gamleveggen.

Gamlevegen er i god stand gjennom denne teigen, og er eit av dei viktigaste (kultur)landskapselementa. Det finst og ei vasskjelde i nedkant av teigen. Langt det meste av arealet har vore gamalt åkerland og slåttemark, ytterkantane har noko areal som har vore innmarksbeite i lengre tid.

Viktig for landskapsoppleving, særleg som vesentleg del av kulturlandskapet. Kulturhistorisk viktig, rik på agrare kulturminne.

Tilrådd skjøtsel: Framhald av beite, årleg sein slått av dei slette flatene, evt. beitepussing dersom det vert tuedanning. 1. prioritet.

2d, Beitebakkar over kraftverket

Tidlegare dyrka slåtteeng nedst, med grasbakkar oppover skråninga ovanfor. Desse areala består no av open naturbeitemark, tresett i kantane. Det går ei kantsone med gråorskog mot elva og mot dei flatare slåttemarkene ovanfor (2c). Veggen til det gamle kraftverket (i drift frå 1921-1961) går gjennom nedkant av teigen.

Viktig som del av eit heilskapleg kulturlandskap.

Tilrådd skjøtsel: framhald av beite, beitepussing ved behov. 2. prioritet.

2e, Furuskog


Teigen ligg i terrasseskråninga nedanfor hovudtunet. Her veks furuskog, noko gran og noko edellauvskog. Teigen er høvesvis tett. Høg, tett skog i terrasseskråninga hindrar innsyn til tunet utanifrå, og utsikt frå tunet. Ein bør halde fram med å la skråninga vere tresett, m.a. av omsyn til stabiliteten i skråninga og dessutan for å unngå for mykje oppslag. Det er tilrådd å tynne ut skogen for å auke innsyn og utsikt, og gje meir lys til feltsjiktet. Skogen bør heller ikkje vere for høg, høgda på einskildtre avheng av kor høgt i skråninga treet står. Ein bør rydde unna tre som veks over nivået på terrasseflata. Tre bør vidare takast ut etter kvart som dei vert høge. Gamle styvingstre bør stå.

2. prioritet.

Tilrettelegging for beitedyr

Det vert tilrådd å føre opp fast gjerde langs steinmuren som skil teig 2a og 2b, både for å lette transporten av beitedyr i området og for å få til beite av teig 2b.

#### 4.4.3 Slåtte- og beitemarkene mellom vegen og elva med Garborg og Svilli



Figur 13 Teigene i delområde 3. Berre eksisterande gjerde er teikna inn, for framlegg til nye gjerder sjå fig.16.

Dette delområdet består av ein mosaikk av beita skog, innmarksbeite og gamle slåtteenger. Den gradvise attgroinga med kratt og ung skog ein har hatt i området er bremsa kraftig opp sidan det vart etablert beite mellom vegen og elva i 2007. Svilli er slåtteengar i byrjande attgroing (ending i

artssamansetting), desse har vore haldne opne med slått som har vore regelbunden i varierende grad. Garborg med Høygjerdet er slåtteenger der attgroinga har kome lengre, og unge lauvtre har byrja å vokse innover teigene frå kantane. Her er og byrja med oppslag ute i enga. Dei to siste ligg på austsida av elva, men heng landskapsmessig saman med det inngjerda beiteområdet. Delområdet har eit høgt innslag av kulturminne i form av murer, i hovudsak bakkemurer, men og vegmur og mura rydningsrøyser, og ikkje minst i form av ei rekke utløer i varierende tilstand, frå ståande med tak til berre murrestar. Teigane ein opplever frå veggen er gjeve 1. prioritet medan teigar ein lyt meir inn i kulturlandskapet for å oppleve er gjeve 2. prioritet.

### 3a, Garborg og Høygjerde

Teigen består av gamle slåtteenger, der vegetasjonen i dag kan førast til naturbeitemark. Attgroinga har kome til stadie 2, der vedartar har byrja å kome inn. Feltsjiktet har framleis høgt innhald av kulturavhengige gras- og urter.

Viktig som kulturlandskapselement, særleg ved ferdsel langs gamlevegen, og som del av heilskapen i engareal sentralt i bygda.

Tilrådd skjøtsel: Rydding av oppslag og kantkratt, beite. 2. prioritet.

### 3b, Beiteskog under veggen

Området består av beita lauvskog. Teigen ligg innanfor felles inngjerding av fleire teigar.

Viktig som del av større eining med beitemark. Naturtypen beiteskog er viktig for biologisk mangfald.

Tilrådd skjøtsel: Framhald av beite. 2. prioritet.

### 3c, Slåtteteig i beiteskog

Teigen er ei lita flate med framleis open grasmark. Dette er ein gamal slåtteteig.

Artssamansettinga skil seg lite frå øvrige engareal i delområdet.

Viktig som sentralt liggande representant for mindre slåtteteigar i utmark, del av større eining med beitemark.

Tilrådd skjøtsel: framhald av beite. 2. prioritet.

### 3d, Heimstadli

Teigen er ein mosaikk av gamle slåtteteigar, naturbeitemarker og beita skog. Her er rikeleg med kulturminne i form av bakkemurar, løetufter og løer. Løene er særleg viktige for desse slåttemarkene sin identitet. Det ligg føre ynskje om restaurering av fleire av løene, og konkrete planar om restaurering av den nordlegaste av løene i teigen, noko som ville vore svært positivt.

Vegetasjonen i dag kan klassifiserast som naturbeitemark og dels som beiteskog. Her er noko ungt krattoppslag, men attgroinga verkar å vere stogga opp. Det er observert noko auka innhald av beitetolerante, uønskte artar som brennesle og tuer av m.a. sølvbunke i nordenden av teigen.

Viktig del av eit samanhengande område med slåtteteigar og beitemarker, rikt på kulturminne. Viktig for biologisk mangfald som naturtype naturbeitemark og med stor variasjon i.

Tilrådd skjøtsel: framhald av beite, beitepussing av slette teigar der ein får noko tuedanning og slått av nesle og evt. andre nitrofile artar. Sameite med geiter er positivt. 1. prioritet.



Figur 14 Utsikt til nedre del av teig 3d, Heimstali frå Gamlevegen på andre sida av dalen. Merk murane som kryssar enga på langs. Dette er vegmurar etter ein eldre veg som går gjennom heile den inngjerda delen av delområde 3.

### 3e, Fremstadli

Denne teigen er den delen av delområde 3 som har best hevd. Her har vore slege langt fram i tid, og det har ikkje vore opphald mellom slått og vidare skjøtsel gjennom beite. Delar av arealet er innsådd eng medan utkantane er natureng i form av naturbeitemark. Mot elva veks beita skog. Arealet har ei løe som gjev eit velhalde inntrykk og elles nokre løer som tydeleg er under forfall. Viktig som del av heilskapen i teigane mellom elva og vegen. Innsyn frå vegen gjer arealet særleg viktig i landskapsopplevinga for besøkande.

Tilrådd skjøtsel: Slått av arealet med jamn dyrkamark år om anna. Slått av beitetolerange artar utanfor slåtteearealet. Framhald av beite. Sambeite med geiter positivt, reduserer behovet for fysisk rydding/slått i kantane. 1. prioritet.

### 3f, Svili nedre

Gamal slåtteteig, enga er i dag ei gamaleng (tildegare innsådd, men lang kontinuitet som har gjeve høgt innslag av stadeigne engartar). Ho er i ei tidleg attgroingsfase med aukande innhald av grove artar. Enga er viktig for landskapsopplevinga, særleg når ein ferdast langs gamlevegen.

Tilrådd skjøtsel: Årleg slått. 2. prioritet.

### 3g, Svili øvre

Gamal slåtteteig, enga er i dag ei gamaleng (tildegare innsådd, men lang kontinuitet som har gjeve høgt innslag av stadeigne engartar). Enga er i hevd gjennom slått nesten kvart år.

Viktig for landskapsopplevinga, særleg når ein ferdast langs gamlevegen.

Tilrådd skjøtsel: Årleg slått. 2. prioritet.

#### 4.4.4 Drægali



Figur 15 Teigene i delområde 4. For framlegg til nye gjerdetrasear sjå figur 17.

Delområde 4 utgjer inmarksteigane tilhøyrande Drægali. Engene er i varierende grad av attgoing, attgroing med vedartar har byrja i kantane av teigen nedanfor vegen. Landskapet er framleis ope, og eit viktig kulturlandskapselement i Dyrdal sjølv om artssamansettinga i engene er prega av attgroinga som er i fase 1. Areala og murane som står att etter gamletunet, utgjer eit heilskapleg og særleg verdfullt kulturmiljø. Hovudteigen over vegen er rik på kulturminne i form av murar. Her står og store, gamle styvingstre av alm. Desse er viktige kulturlandskapselement som bør takast vare på.

Siste form for skjøtsel har vore beite, men slåtteengene i Drægali er dreve tradisjonelt så langt fram i tid at dei har potensiale i høve restaurering av slåtteeng. Det vert tilrådd å gjere ei meir detaljert vegetasjonskartlegging av dei ulike teigane, og å etablere eit restaureringsprosjekt på bakgrunn av dette.

Uavhengig av eit evt. restaureringsprosjekt vert det tilrådd å ta omsyn til artsinnhald og potensialet for gjenskaping av naturleg slåtteeng. For å ta vare på artsmangfaldet og for å få attende ein større rikdom som naturtype Kulturmarkseng av typen «slåtteeng» vert det tilrådd at hovudforma for skjøtsel er slått. Eit alternativ som likevel er betre enn å la arealet gro til er skjøtsel gjennom beite der engene vert beita ned to gonger for året.

Alle teigane i Drægali er gjeve 1. prioritet.



#### 4a, Drægali under tunet

Mellom tunet i Drægali og vegen ligg ein jamn, bratt slåtteteig. Einskilde frukttre står i teigen. Oppunder tunet står ein høg bakkemur. Enga er av typen gamaleng. Den er høvesvis frisk. Enga er viktig som kulturlandskapselement. Attgroing av denne teigen vil føre til at Drægali ikkje lengre vil opplevast som ein gard, då ein vil miste kontakt med tunet frå vegen. Enga er restaurerbar som ei frisk slåtteeng. Friske naturenger er sjeldsynte.

Tilrådd skjøtsel: Slått etter bløming, gjerne vår- og/eller haustbeite. 1. prioritet.



Figur 16 Enga under tunet i Drægali.

#### 4b, Drægali under vegen

I enga under vegen er attgroinga stadvis komen lengre enn i 4a i høve nitrofile artar. Enga kan kome tilbake til typen gamaleng. Her står att ein del gamle hesjer inkl. strengen. Teigen er viktig for landskapsopplevinga som innslag av kulturmark i skogsområda oppover dalen på veg mot Drægo. Del av heilskapen i Drægali.

Tilrådd skjøtsel: Slått etter bløming, gjerne vår- og/eller haustbeite. 1. prioritet.

#### 4c, Drægali, hovudteig

Denne teigen er ein mosaikk av ei rekke små åker- og slåtteteigar. Arealet er svært rikt på murar, både i form av bakkemurar i varierende høgd og alder, vegmurar og ikkje minst murane etter gamletunet som har stått høgt i denne teigen. Her er og markerte rydningsrøyser i grensene mellom teigar. Ved urer og rydningsrøyser, murer og i utkanten av teigen står fleire store styvingstre av alm. Ein kan sjå spor etter gamlevegen som har gått gjennom teigen på langs, like forbi to av dei store styvingsalmane.

Mot skogen har feltsjiktet byrja gå over mot skogbotn, der bregne spreier seg. Næringsrike teigar har fått høgt innslag av nitrofile artar. Enga har tidlegare vore svært artsrik, med høgt innslag av

ulike urter. M.a. har det vore mykje karve i engene (pers. med Agnar Dregeli). Her er nytta sparsamt med gjødsel. Det er gjødsla hovudsakleg med husdyrgjødsel, supplert med noko kunstgjødsel. I dag finn ein rikt urteinnhald berre i dei skrinnare delane av teigen i nord-vest. Her finn ein og framleis karve. Engene vil truleg ha restaureringspotensial som urterike slåtteenger. Viktig for landskapsoppleving, inneheld viktige kulturminne og har eit høgt biologisk mangfald knytt til styvingstre og engvegetasjon, med potensiale for større artsmangfald i enga. Ungskog har stadvis byrja å krype innover teigen ovanifrå, og kratt ved rydderøysene byrjar å spreie seg. Tilrådd skjøtsel: Tilbakerydding av ungsog og kratt, rydding i kantsonene mellom småteigane og langs murane. Haustbeite, og gjerne også vårbeite. Slått på alle flater, viktig å slå også småflater. Tidspunkt for slått; etter bløming av urtene, dvs. tidleg i juli, noko seinare dersom det har vore vårbeita. Å rydde vekk graset er viktig. 1. prioritet.



*Figur 17 Hovudbøen i Drægali sett frå Jeiskali. Bøen er samansett av ei rekke mindre teigar, oppdelte gjennom veg, steingardar, bakkemurar og rydningsrøyser. Store styvingsalmer står spreidd. Innfelt: nær bilvegen finn ein restar av noko av det tidlegare artsmangfaldet i engene. Fagerknoppurt sentralt i bilete.*



*Figur 18 V: Hovudbøen er i byrjande attgroing, grove artar tek over dominansen. H: Utsnitt av hovudbøen, mai.*

### Skjøtsel av styvingsalmer

Styvingsalmene bør restaurerast og vidare verte skorne tilbake kvart 5. – 7. år for å oppretthalde sin typiske utsjånad og for å hindre at krona vert for stor. Rotvelt er ein fare hjå styvingstre som får vokse fritt og med det får for stor krone.


### Oppsetting av fast gjerde

For å lette moglegheita for vår- og/eller haustbeite bør det etablerast eit fast gjerde frå nedkant av gjerde i på Drægo og over til Habruelvi ovanfor tunet i Drægali. (sjå kart i kap 4.4.1, Overordna grep).

### Alternativ; skjøtsel med fritt beite

Dersom ein ikkje finn rom for den tilrådde skjøtselen ved slått og evt. vår- og haustbeite vil beite tilsvarande hovudgjerde og nedre delar av Drægo vere eit alternativ. Areala i Drægali bør ikkje stå utan konkrete tiltak. Skjøtsel ved beite kan gjennomførast ved oppsetting av fast gjerde etter traseen nemnd i avsnittet over.

## 4.4.5 Drægo



Kart over Drægo med Løhaug

Delområde 5 er innmark og beitemarker kring garden Drægo. Dette er den øvste garden i Dyrdal, og tunet ligg på over 400 moh. Garden er viktig då den understrekar korleis alle dyrkbare område i Dyrdal er godt utnytta. Her er ei stor flate som er godt opparbeidd, og har vore utnytta i moderne landbruksdrift. Beitemarkene rundt der ein finn både natureng og kulturminne i form av steinstrukturar gjev landskapet eit historisk perspektiv. Ikkje minst vegmuren til Gamlevegen

like under og nord-aust for tunet ( i teig 5c) står fram som eit markert landskapselement og kulturminne. Siktelina opp til stølen Løhaug er viktig, då den bitt saman utnytting av utmarka med gardsdrifta.

Innmarka har etter at gardsdrifta tok slutt vore skjøtta jamnleg. Den største bøen har vore slege. Det er arbeidskrevjande å frakte vekk graset når det ikkje skal nyttast. Dei siste åra har det vore beite for sau på areala nedanfor gardsvegen. Minst fram til 2012 beitar 30 – 40 sau + lam på vårbeite og 110 sau + lam ein kortare periode om hausten, vidare 30 – 40 sau vidare utover hausten. Det er behov for etterslått og/eller beitepussing for å motverke tuedanning.

Også ein god del av utmarka kring Drægo er viktige å inkludere i målretta skjøtsel, sjølv om dette ikkje er avgrensa som eigen skjøtselsteig. Areal i utmarka kring Drægo som ligg nedanfor nytt fastgjerde (sjå kartet over) vil verte skjøtta ved beite. Lauvskogen i dette området har vore beiteskog og dels hagemark og det ligg fleire tidlegare utslåtter her. Viktigast å nemne mellom utslåtter kring Drægo er dei som ligg nedanfor bilvegen, i eit område kalla Nes. Her står og ei gamal løe (oppført i 1901) som er høvesvis godt bevart. Det ligg føre planar om restaurering av løa, særleg viktig er det å sette istand muren som stadvis har rast ut. Den største førekomsten av bjørkestuver i området ligg også her. I rapport om restaurering av styvingstre i Dyrdal (Vatne 2010) framhevar Vatne området langs vegen rett nedafor Drægo, her også i ganske bratt terreng ut mot elva. Ved Storuri ligg og eit område med styvingstre. Desse er hovudsakleg av alm og vart restaurerte i juli 2010.

Dei to største teigane er gjeve 1. prioritet. Mindre teigar kring desse er gjeve 2. prioritet.



*Figur 19 Tunet på Drægo. Ein høgdegard der bygningar og innmark vert haldne i hevd.*

#### 5a, Drægo hovudteig

Denne teigen består av fulldyrka graseng. Teigen er ein stor, samanhengande slåtteteig som er med på å gje småskala-landskapet eit ope preg.

Viktig for landskapsoppleving, særleg viktig for å halde på inntrykket av Drægo som ein gard, og for å halde innmarka knytt til garden i hevd.

Tilrådd skjøtsel: Årleg slått. 1. prioritet.

#### 5b, Drægo under tunet

Denne teigen består av fulldyrka eng i noko brattare lende enn 5a. Argumenta for drift og skjøtsel er dei same. Teigen heng naturleg saman med innmarksbeitene (heimabeite) kring garden. Av praktiske årsakar er skjøtselen sett i samheng med desse.

Tilrådd skjøtsel: Framhald av beite. Haustslått utan fjerning av biomasse evt. beitepussing for å fjerne uønskete tuer. 1. prioritet.

#### 5c

Denne teigen er ei smal stripe med beitemark i utkanten (heimkanten) av hovudteigen (5a).

Teigen utgjer ei smal stripe som held fram oppetter den bratte lisida. Her finn ein naturbeitemark med urterik tørreng og tørrbakkevegetasjon. I overkant av teigen ligg ein høg mur. Dette er vegmuren til Gamlevegen der den kjem inn til Drægo.

Tilrådd skjøtsel: Beite, evt. flyttbart el-gjerde i lag med teig 5d. Vedlikehald av vegmuren er viktig både for tilkomst til teig 5d Kallhagen og som ivaretaking av kulturlandskapselement og historisk dokument. 2. prioritet.

#### 5d Kallhagen

Teigen består av restar etter gamle slåtter og små åkerlappar i skogen nedanfor tunet. Her finn ein og fleire murar. Arealet har kulturhistorisk verdi med sin mosaikk av småteigar som syner utnytting av alle ressursar. Desse småteigane har vore nytta som kjøkkenhage. Området er mineralrikt. Her voks det og urter som m.a. vart nytta til sårbehandling. Teigane er såleis ein svært viktig del av heilskapen i kulturlandskapet ved Drægo sjølv om dei ligg skjult i terrenget.

Tilrådd skjøtsel: rydde fram småteigane som er i ferd med å gå ut. Beite. 2. prioritet.

#### 5e

Teigen er gamalt innmarksbeite i den bratte skråninga under slåtteeingene nedanfor tunet.

Arealet har truleg vore slege langt tilbake. Her er i dag urterik naturbeitemark, men og parti med bringebær og oppslag av unge lauvtre. Arealet har ein god del stein og røyser, og nokre tre.

Tilrådd skjøtsel: Beite. 2. prioritet.

#### 5f, Drægo langs vegen

Gamal slåttemark i langtkomen attgroing, m.a. har bregne teke over store parti. Arealet er viktig for førsteinntrykket av Drægo, og ein viktig del av heilskapen i kulturlandskapet. Her var tidlegare urterik eng, m.a. med orkideen nattfiol (eigne tidlegare observasjonar). Enga kan ha eit visst restaureringspotensial. Det har vore gjennomført rydding av kratt og einer på delar av teigen tidlegare.

Tilrådd skjøtsel: Framrydding av heile teigen. Beite med hardt beitepress dei første 3 åra (tilleggsinngjerding, evt. geiter). 2. prioritet.

#### 5g

Dette er ein liten teig som er viktig i heilskapen og ein del av velkomsten til Drægo. Teigen består av ein liten bjørkehage med grasrikt feltsjikt som ligg langs gardsvegen, mellom vegen og hovudteigen (5a).

Tilrådd skjøtsel: Beite. 2. prioritet.



Figur 20 Ein liten bjørkehage er ein del av velkomsten til Drægo.

#### Etablering av faste gjerde, beiting i utmark

Det er nyleg sett opp faste gjerde for beitedyr slik kart over delområdet syner. Det er trong for noko forlenging ned mot elva og dessutan eit sperregjerde mot elva eit lite stykke nedover. Det er trong for tilsyn og jamnleg vedlikehald av gjerda.

#### Restaurering og skjøtsel av styvingstre

Langs vegen 0,5 km opp dalen fra Drægo, rett forbi Storeuri ligg eit felt med styvingstre, hovudsakleg av alm (Vatne 2010). Dette er ein typisk haustingsskog i bratt steinur, men lia har grodd til med gråor og andre lauvtre, for det meste unge tre. Dei fleste av almane er svært grove, med råtehol og lutande stammer. Dette er kvalitetar som er viktig for førekomst av vedbuande insekt og lav som ikkje tåler direkte regn. To almestuver nedanfor vegen vart styva for 15-20 år sidan. Almane er ikkje undersøkte i detalj, men under restaurering av almar i dette feltet i 2010 noterte Vatne seg interessante lav-observasjonar. Bleikdoggnål (*Sclerophora nivea*), raudlista som nær trua (NT)vart funne på 7 almetrær, og det var spreidde førekomstar av lungenever (*Lobaria pulmonaria*) og almelundlav (*Bacidia rubella*) som signaliserar eit potensiale for andre meir krevjande gamalskogsarter. Samstundes med tilbakeskjering vart det rydda unna ein del oppslag omkring desse almane. Almebroddsopp (*Hymenochaete ulmicola*) (NT)vart observert på ei styva alm på oversida av vegen litt nærare Drægo. Vatne tilrår å fristille denne ved seinare høve.

Viktig: Området er viktig som kulturmarkstype haustingsskog og viktig for biologisk mangfald.

Tilrådd skjøtsel: Det vert tilrådd å ta opp igjen arbeidet med å ta vare på desse almane, ved fristilling, jamnleg rydding av oppslag (utan å fjerne nye almetre!) og tilbakeskjere stuvane kring kvart 7. år. Det ville og vore positivt å gjerde hjorten ute nokre år for å sleppe opp nye almar som vil kunne erstatte dei som etter kvart går ut.

## Stølar/utslåtter:

### 4.4.6 Skogane med stølsvegar/stiar hit

Skogane er ein gamal husmannsplass, seinare støl, som ligg i ein av bygda sine ytterkantar. Det går to stiar hit, og plassen er teke vare på m.a. gjennom restaurering av bustadhuset/støls huset «Skogastova». Staden har stor kulturhistorisk verdi. Den har og verdi som viktig turmål. Ved skogane er det framleis ope kulturmark kring bygningane. Innsyn er i stor grad vakse att.


Langs den øvre stølsvegen (stien) til Skogane er det fleire utsiktspunkt. Viktigast mellom desse er eit tradisjonelt kvile ved Leite. På vegen passerer ein og eit gammalt sel som syner støling i utmarka i dette området. Det ligg føre planar om restaurering av dette selet, noko som vil være svært positivt då det vil ta vare på eit viktig kulturlandskapselement i området. Lisida både over og under stølsvegen (stien) består av gamal, og til ein viss grad attgrodd, hagemark og dels haustingsskog med bjørk. Stien er pr i dag ikkje merkt, men dette er aktuelt.

Den nedre stølsvegen (stien) går frå Dyrdal langs stranda til Salthella, og herifrå litt bratt opp bjørkelia til Skogane. Denne stien er merkt. Dei to stiane gjer at turen til Skogane frå Dyrdal kan gåast som ein rundtur.

Tilrådd skjøtsel: Rydding av utsiktspunkt ned mot bygda og fjorden. Årleg fjerning a oppslag som kryp innover bøen. Gran i området bør fjernast. Beiting med beitedyr som går fritt i utmarka vil vere positivt. Rydding av utsiktspunkt ved Leite (sjå namn på kartet), og rydding som gjev turgåarar kontakt med selet langs vegen, er og tilrådd. 3. prioritet.




Figur 21 Frå Skogane. Foto Anbjørg Nornes



Figur 22 Skogane (delområde 6) og Salthella (delområde 11).



#### 4.4.7 Jeiskali med vegar



Figur 23 Teigane i delområde 7. For framlegg til nye gjerdetrasear sjå fig. 16.

Jeiskali er gamle slåttemarkar og innmarksbeite delt opp av utmarksbeite. Arealet syner utnyttinga av utmarkene, der det har vore eit stort omfang av utslåtter (rydda slåtteteigar i utmarka, langt unna gardane). Her står restar etter høyløer (utløer), der ei løe i ytterkant framleis står medan to er nyleg samanraste. Vegetasjonen i dag er naturbeitemark i varierende grad av gjengroing. Engvegetasjonen syner teikn på endring grunna opphøyr av beite, i retning av skogbotn (høvesvis liten grad av nitrofiering). Dei øvste (vestlege) teigane er nyleg framrydda. Her er det fjerna lauvskog som hadde byrja å ta over, særleg i øvre delar av teigane. Det er og rydda ein del areal som ikkje er rydda for stein, som har vore beitebakkar. Bregne har teke over ein del felt. Heilt øvst, og i eit belte som deler opp dei tidlegare dyrka areala syner feltsjiktet at det er svært lenge sidan aktiv bruk med vesentleg beitetrykk, her har det vorte skogbotn meir enn beitemark. Vegetasjonsskjøtselen her er gjeve dels 2. prioritet og dels 3. prioritet avhengig av dagens tilstand og rolle i heilskapen.

For å ta vare på verdien av Jeiskali som element i Dyrdal sitt kulturlandskap, med det historiske perspektivet staden gjev, er det like viktig å ta vare på vegane og murane i området, både vegmurar og andre.

Tilrådde tiltak i delområdet:

7a

Tidlegare slåttemark, i dag naturbeitemark.

Tilrådd skjøtsel: Beite. 2. prioritet.



Figur 24 Jeiskali sett frå innmarka på Drægo om våren.

7b

Arealet har vore beiteskog/ tresett beite. I tidlegare tider har det truleg vore ope beite. Arealet er nyleg rydda.

Tilrådd skjøtsel: Beite. 3. prioritet.

7c

Naturbeitemark, tidlegare slåtteeng (ikkje oppdyrka). Grasrikt feltsjikt, noko bringebær byrjar å kome opp.

Tilrådd skjøtsel: Beite. 2. prioritet.

7d

Tidlegare slåtteeng som har vore dyrka opp ein gong. Grasdominert feltsjikt, høvesvis låg grad av opphoping av nitrogen.

Tilrådd skjøtsel: Beite, sein slått. 2. prioritet.

7e

Denne teigen har ikkje vore rydda slik dei andre, lengre opp. Den har minka monaleg grunna lauvoppslag frå kantane, og det er byrja å kome noko vedartar også ute i enga. Feltsjiktet har høvesvis låg grad av opphoping av nitrogen, og består framleis av natureng, kan leggest til typen naturbeitemark.

Tilrådd skjøtsel: Rydde oppslag, beite. 3. prioritet.

#### Etablering av fast gjerde

Det vert tilrådd ein felles skjøtsel i form av beite for heile området, gjerne gjennom å lage ein større, fast innhegning. Mest praktisk løysing for kortast mogleg gjerdestrekning og trygg tilgang til vatn vil være å gjerde i overkant av teigane og ned til elva på kvar side, slik ein har gjort i hovudinnhegninga lengre ned i dalen.

#### Vedlikehald av veg

Slått av gras og kratt i og langs vegane i- og inn til delområdet og halde vegmurane i god stand.

#### **4.4.8 Løhaug med vegen hit**

Sjå kart for Drægo kap. 4.4.5.


Løhaug er ein fellesstøl for Dyrdal og Styvi. Gardane Drægo og Drægali hadde denne stølen også som heimestøl. Det er mogleg å sjå stølen frå innmarka på Drægo, og frå stølen kan ein sjå heim. Dette gjev ei unik oppleving av samanhengen mellom garden og stølen som er viktig å ta vare på. Stølen er vald ut i planen som døme på ein mindre heimestøl og utslått. Selbøen er i dag monaleg mindre enn opphavleg. Feltsjiktet vitnar likevel om den tidlegare bruken til slått (i gamal tid) og seinare beite, og delar av selbøen er framleis open. Dersom ein følgjer stølsvegen, kjem ein og like forbi ein kvernhusplass. Like viktig som landskapspleie er vedlikehald av stølsvegen.

Tilrådd skjøtsel: Utsiktsrydding som sikrar siktelina ned mot garden og innsyn til stølen nedanifrå. Årleg fjerning a oppslag som kryp innover bøen. Beiting med beitedyr som går fritt i utmarka vil vere positivt. Slått av gras og kratt i og langs stølsvegen (stien) opp til stølen, gjenoppmuring av trinn og støttemurar som har rast ut eller er på sig. Viktig å vedlikehalde brua langs stien. 2. prioritet.

#### **4.4.9 Hjølmo**



Figur 25 Frå Hjølmo, foto teke i 2005.



Figur 26 Stølane Vassete og Hjørmo

Hjørmo er ein større støl der alle bruka i Dyrdal og på Styvi har stølsrett. Stølen ligg på 500 moh, inst i hovuddalen, i dalmøtet mellom fjelldalane Styvidalen, Vassetdalen og Handadalen. Den har vore vår- og hauststøl (nytta forsommar og seinsommar/tidleg haust). Stølen er ein svært viktig del av kulturlandskapet i Dyrdal. Den er unik for opplevinga av landskapet både med plassering i landskapet, storleik, innhald av autentiske bygningar og fine murar og steingardar. Den er gjeve 1. prioritet i planen.

Det går landbruksveg fram til brua oppunder selbøen til stølen. Fleire av sela er sette i stand og vert nytta til fritidsbruk. Selbøen er omkransa av ei godt synleg, og etter tilhøva godt bevart mur. Munnleg overførte historier seier at muren har vore skydd mot bjørn, og med jamne mellomrom rundt muren finn ein oppmurte høgder i muren der det skal ha vore tent varme for å halde rovdyr unna. Det finst og ein større mur inne på selbøen som omkransar ein rydda teig. Dette har vore viktig slått og beiteland for Drægo og Drægali.

#### Tilrådd skjøtsel:

Det er tidlegare utarbeidd ein eigen skjøtelsesplan for Hjølmo (Bøthun 2006). Denne planen er detaljert og tilrår ulik skjøtsel i form av slått, beite, rydding og fjerning av problemartar fordelt på mindre teigar etter tilstanden på desse. Desse tiltaka vil kunne gjenskape slåtte- og beitemarkene som har vore på stølen, og vil få stølen til å framstå som velhalden og i god hevd. Ein del ryddetiltak og beiting har vore gjennomført.

Ei alternativ løysing, som vil halde på det opne landskapet og hindre vidare attgroing, er å gjerde inn heile stølen som ei eining, og halde beitedyr i området. Det vil også då være trong for mekanisk rydding av brennesle og andre grove artar beitedyra vel bort for å unngå større flater med «problemartar» kring sela og elles på selbøen. Det er tilrådd å slå og rydde kratt langs muren som omkransar selbøen.

Eit prosjekt for restaurering av muren rundt stølen vil vere svært positivt for ivaretaking av muren som kulturminne og viktig landskapselement. Tiltaket må gjerast i samråd med kulturminnestyresmakten (kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune).

#### 4.4.10 Vassete



Figur 27 Fjellstølen Vassete, foto frå 2005.

For kartfigur sjå Hjølmø, 3.1.9

Vassete er ein autentisk fjellstøl og utgjer eit heilskapleg kulturmiljø, med fleire velhaldne sel. Vegetasjonen på selbøen er grasdominert og vitnar framleis om den historiske bruken. Stølen vart nytta som sommarstøl, midtsommars. Det har og vore teke ut torv som vart nytta som brensel frå torvmyrane på Vassete. Med vedlikehald og skjøtsel av fjellstølen tek ein vare på det siste leddet i kjeda som bitt saman bruken av utmark og innmark, frå gard via utslåtter, heimstøl og vårstøl/hauststøl til fjellstøl. Stølen er viktig for heilskapen i kulturlandskapet i Dyrdal, men ligg i utkanten og er gjeve 3. prioritet i planen.

##### Tilrådd skjøtsel:

Fjellbeite med frittgåande dyr

Det er viktig å vedlikehalde brua langs stølsvegen (stien), og å halde stien open ved jamnleg rydding.

#### 4.4.11 Salthella

For kartfigur sjå Skogane, 4.4.6.

Ved Salthella ligg gamle slåtteteigar (utslåtter) der vegetasjonen består av naturbeitemark. Engvegetasjonen er forholdsvis skrinn og lågvaksen, då det her er hovudsakleg tørre engtypar. Enger på næringsfattig og/eller tørr grunn er meir motstandsdyktige mot attgroing enn friskare engtypar. Arealet står likevel i fare for å gro att med lauvskog som kryp innover frå kantane. Enga vert nytta til telting av kajakkpadlarar og andre besøkande. Det er plassert eit toalett i nærleiken. Det er og mogleg å legge til rette for telting på «Hatlelidteigen» ved Salthelleviki, noko lengre nord (sjå kart i

figur 4). På Hatlelidteigen ligg ei opparbeidd slette med bakkemur i underkant. Muren er i ferd med å rase ut. Vegen ut til Salthella er viktig både som kulturminne og som tursti langs fjorden. Vegen er nyleg rydda, og utraste murar langs vegen er restaurerte.

Skjøtsel av Salthella er gjeve 2. prioritet i planen. Engene er perifere, men viktige med bakgrunn i dagens bruk.



Figur 28 Opne teigar langs fjorden ved Salthella, skogkledd opp til og kring Skogane.

#### Tilrådd skjøtsel:

Halde dei største slåtteteigane og areal som er tilrådd for tilrettelegging for telting (sjå kart) ope ved rydding i kantane. Restaurere bakkemurane i/ved Hatlelidteigen slik at teigen kan nyttast som teltplass. Halde ved like vegen langs fjorden. Viktig å skilte mot toalett i den nordlegaste teigen.

#### **4.4.12 Anna kulturmark: Hagemark og utslåtter**

Det finst og mykje kulturpåverka utmark i Dyrdal som ikkje er fanga opp som eigne skjøtselsteigar i planen. Planen er ei prioritering der ein har lagt vekt på gardane og dei viktigaste stølane og utslåttene. Her finst store areal med tidlegare beita skog og her finst større areal med hagemark, i hovudsak hagemark med bjørk, men oppover i dalen ligg og vesentlege innslag av edellauvskog med både alme- og lindestuver. Eit godt døme er ved Storurdi over Drægo (sjå delområde 5). I ei hagemark er feltsjiktet prega av beite med dominans av grasartar, og det er meir lysope (lengre mellom trea) enn i naturskog. Tre over ein viss alder ber tydelege teikn på lauving, med krokete stammar og vide greinkroner. I område med edellauvskog finn ein og samlingar av styvingstre. Av område med hagemark og/eller haustingsskog ligg dei viktigaste over tunet i Drægali, i utmarkene kring Drægo og i lisida aust for Salthella (kan m.a. opplevast på veg til Skogane).

I lisidene på begge sider av dalen har det og vore ei rekke små og større utslåtter. Dei fleste har grodd mykje att, men stadvis kan ein finne små, opne flater med tydeleg engvegetasjon. Namn i utmarka tyder og på bruken av utslåtter. Jeiskali er teke med i planen som døme på desse. Ein finn og

nokre småflater inne i beiteskogen i teig 3b, som ligg innanfor den felles inngjerdinga av størstedelen av delområde 3.

Tiltak i desse områda vil falle inn i heilskapen og være positive for ivaretaking av mangfaldet av kulturmarkstypar.



*Figur 29. Døme på bjørkehage; her i området over hovudteigen på Drægo.*



## 4.5 Prioriteringar

Alle tiltaka som er framsette i planen er viktige i heilskapen. Det er likevel freista å gje ei prioritering slik at evt. knappe midlar eller tidsressursar kan nyttast der verknaden er størst.

Grunnleggjande for å vedlikehalde kulturlandskapet i Dyrdal er tilgang på beitedyr og medvete og målretta bruk av beitedyra. Naudsynte overordna tiltak for å få til dette er og tiltak som i seg sjølv ligg utanfor denne planen sine rammer, dvs.

- Bygging av landbrukskai
- Vedlikehald av vegane, særleg er strekninga med kommunal veg frå kaien til Drægo heilt avgjerande.

Elles vert det gjort ei slik tilråding i høve prioriteringar i arbeidet med å fylgje opp planen:


Prioriterte tiltak:

- Tiltak som legg betre til rette for bruken av beitedyr i skjøtselen
- Tiltak i område med prioritet 1


Til grunn for prioritet 1 ligg at dei aktuelle teigane er (i nemnd rekkefylgje)

- a) Særleg viktige for landskapsoppleving frå fjorden og frå hovudferdsleåra; vegen.
- b) Inneheld eller ligg i direkte tilknyting til viktige kulturmiljø
- c) Har eit høgare biomangfald enn andre teigar

Fylkesmannen bør vurdere om det er slåttenger som kvalifiserer som utvald naturtype Slåtteng, noko som i tilfelle vil gi grunnlag for spesielle midlar til skjøtsel.



Figur 30 Prioritering mellom teigar. Nedre delar t.o.m. Svili.



Figur 31 Prioritering mellom teigar. Øvre delar inkl. Løhaug og Jeiskali.

## 5 Framlegg til organisering av arbeidet

Det finst ulike modellar for å organisere skjøtselsarbeid. Det viktigaste er at det er dialog mellom alle dei involverte partane slik at ein arbeidar mot felles mål og etter same prioritering, og at ein finn gode måtar å finansiere tiltaka på.

Skjøtselsplanen er utarbeidd på oppdrag for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Andre som har medverka i arbeidet er verneområdeforvaltar for Nærøyfjordområdet, SNO - Aurland, Aurland kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Nærøyfjorden Verdsarvpark. Her er tiltak som kan gripast fatt i av fleire involverte partar. Verneområdeforvaltinga har hovudansvaret innanfor dei areala som ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Dette er i praksis utmark inkl. stølar og utslåtter. Samarbeid mellom berørte partar og dialog mellom dei ulike organa og med grunneigarane er svært viktig i Dyrdal.

### Forslag; etablering av stifting

Ei moglegheit er å forankre samarbeidet i ei stifting. Involverte partar lyt då gå saman om å etablere stiftinga. Stiftinga kan få ansvar for overordna organisering av skjøtselen og arbeide fram naudsynete avtalar. Skjøtselsplanen legg opp til eit arbeidsomfang som er større enn kva dei som arbeider med skjøtsel i Dyrdal i dag har kapasitet til, særleg når det gjeld mekanisk skjøtsel i form av slått og auka behov for tilsyn med beitedyra dersom ein nyttar seg av flyttbare (el-)gjerde.

Stiftinga vil kunne tilsette skjøtselsarbeidarar, t.d. ungdommar på sommarjobb (modell av Utladalen). Ei av oppgåvene kan vere å slå innmark utover det dei lokale har kapasitet til å slå. Drifta av stiftinga vil vere avhengig av ei grunnstøtte, t.d. frå Verdsarvrådet. Ho kan og arbeide for finansiering av ulike prosjekt, og stå som formell søker av tiltaksmidlar.

Ein kan finne mange døme på stiftingar som arbeidar for skjøtsel av kulturlandskap og ivaretaking av konkrete kulturminne og kulturmiljø. Nokre nærliggande døme kan være:

- Utladalen Naturhus
- Storfjordens venner
- Venner av Aurlandsdalen

## Kjelder:

Blikset, D. og Grevstad, J. 2007. Dyrdal: en bygd med muligheter. Kandidatoppgåve; bachelor i landskapsplanlegging, Høgskulen i Sogn og Fjordane 2007. 42 s.

Braanaas, A. 2012. Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012. Anders Braanaas Rapport 17/9 2012.

Bøthun, S. W. 2006. Stølen Hjølmø og Gamleveggen i Dyrdal; Tilstand og skjøtsel. Aurland Naturverkstad rapport 13 – 2006.

Fylkesarkivet, Sogn og Fjordane fylkeskommune ([www.sffarkiv.no](http://www.sffarkiv.no), 18.09.2012)

Fylkesleksikon, NRK Sogn og Fjordane ([www.nrk.no/sf/leksikon](http://www.nrk.no/sf/leksikon))

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2008. Forvaltningsplan; Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane rapport nr. 1 – 2008

<http://gardskart.skogoglandskap.no/>

Hardarson, V. 2006. Fram dalen. Landskap og kulturarv som ressurser for bærekraftig verdiskaping. Masteroppgåve 30. spt. 2006. Institutt for landskapsplanlegging, UMB.

Klakegg, O. Nordahl-Olsen, T., Sønstegaard, E. og Aa, A. R. 1989. Sogn og Fjordane fylke; Kvartærgeologisk kart, M 1:250 000. Noregs geologiske undersøkelse.

Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trodnheim.

Miljøverndepartementet 2002. Nærøyfjorden landskapsvernområde, kart i 1:50 000. Statens kartverk Sogn og Fjordane.

Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap 1994. Verdifulle kulturlandskap i Norge: Meir enn bare landskap! Del 4 sluttrapport frå det sentrale utvalget.

Norderhaug, A. 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlanget.

Ohnstad, Å. 2006. Aurland Bygdebok; Undredal og Nærøy, gard og ætt. Aurland Sogelag 2006.

Puschmann, O. 2005. Nasjonalt referansesystem for landskap. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging. Rapport 10/2005.

Roald, S. K. 2001. Verdier i Dyrdalselvi, Aurland kommune i Sogn og Fjordane. VVV-rapport 2001-16. DN, NVE og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Sandvik, J. og Mørk, G. 2013. Restaureringsplan for Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden 2013. siv.ark. mnal Jarla Sandvik, prosjekt 378-10.

Aurland kommune: Reguleringsplan for Dyrdal

Aurland kommune: Reguleringskai for landbrukskai i Dyrdal

Vatne, S. 2010: Restaurering av styvingstrær på Drægo og Høydøla i Aurland. Økolog Vatne Rapport 2-2010.

**Planar og rapportar det vert vist direkte til i rapporten:**

Reguleringsplan for Dyrdal: Aurland kommune

Reguleringsendring for Dyrdal (landbrukskai): Aurland kommune

Kulturminneplan for Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden: Sandvik, J. og Mørk, G. 2013

Stølen Hjølmø og Gamlevegen i Dyrdal; Tilstand og skjøtsel: Bøthun, S. W. 2006

Restaurering av styvingstre på Drægo og Høydøla i Aurland: Vatne, S. 2010.

**Andre skjøtselplanar i- og kring Verdsarvområdet v. Aurland Naturverkstad:**

Bøthun, S. W. 2006. Skjøtsels og beitebruksplan for Engi; Fresvik Beitelag 2006. Aurland Naturverkstad, rapport 4 – 06.

Bøthun, S. W. 2006. Fronnes i Aurlandsfjorden; skjøtsel av kulturminne og kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv. Aurland Naturverkstad Rapport 6/2006, 27s. + vedlegg

Bøthun, S. W. 2006. Slåttelandskapet Stokko; Plan for kulturlandskapsskjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv. Aurland Naturverkstad Rapport 12/2006, 27s. + vedlegg

Bøthun, S. W. 2006. Stølen Hjølmø og Gamlevegen i Dyrdal; Tilstand og skjøtsel. Aurland Naturverkstad rapport 13 – 2006. 29.s. + vedlegg

Bøthun, S. W. 2008. Skjøtselsplan for landskapet langs Flåmsbana og Rallarvegen. Aurland Naturverkstad rapport 1 – 2008.

Bøthun, S. W. 2008. Skjøtselsplan for kulturlandskapet ved Otternes Bygdetun. Aurland Naturverkstad, rapport 2 – 2008.

Bøthun, S. W. 2008. Høgdegarden Stigen i Aurlandsfjorden; Eit viktig kulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv; Tiltaksplan for vegen som tursti, gardsveg og kulturminne. Aurland Naturverkstad rapport 3-2008.

Clemetsen, M., Bøthun, S. W. og Skjerdal, I. B. 2008. Hove- Moahaugane – Hopperstad; Vik kommune; Landskapsanalyse og skjøtselsplan med hovudprinsipp for reguleringsplan. Aurland Naturverkstad rapport 7 – 2008

Bøthun, S. W. og Knagenhjelm, T. K. 2010. Gamlevegen; Gamle vegar knytt til høgdegarden Vidme, tilstandsrapport og tiltaksplan; Plan for etablering av kultursti. Aurland Naturverkstad, rapport 4-2010

Bøthun, S. W. 2012. Høgdegarden Nedbergo i Aurlandsfjorden; Eit viktig kulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap, Delområde Nærøyfjorden; Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv. Aurland Naturverkstad rapport nr. 3- 2012

## 6 Vedlegg

### 6.1 Definisjonar

**Kulturmarkseng:** Engvegetasjon skapt ved at naturleg, stadeigen vegetasjon er påverka av menneske gjennom slått og/eller beite.

**Styvingstre:** Tre nytta til hausting av tynne greinar og lauvverk. Trea får ein særeigen form og kan verte svært gamle. Alm, ask og lind er skore attende til ein «stuv» medan bjørk og selje er skore attend men har fått halde på nokre få hovudgreinar.

**Hagemark:** Tresett beitemark der ein både har hausta lauv til for og nytta området til beite. Opplevast som engprega vegetasjon i lysopen skog med spreidde tre/hage .

**Haustingsskog:** Område der trea har vore hausta utan at ein har beitemark.

**Kulturmarkstype:** ulike type vegetasjon skapt av menneske saman med naturen. Døme: slåtteeng, beitemark, hagemark, haustingsskog.

### 6.2 Oversikt over gards- og bruksnummer

**Dyrdal:** 67/1, 67/2, 67/3, 67/4, 67/5, 67/6, 67/8, 67/9, 67/10, 67/11, 67/12, 67/13, 67/14

**Arnehus:** 68/1

**Drægo og Drægali:** 69/1, 69/2

I tillegg er det sameige innanfor arealet som skjøtselsplanen dekkjer.







### **Dyrdal i Nærøyfjorden – Plan for skjøtsel og tilrettelegging**

Godkjend av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Nærøyfjorden verneområdestyre

Utgeve av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport nr. 3 – 2014

ISBN 978-82-92777-44-2

ISSN 0803 1886